

Grunnlaget for den gode nynorsk-bruken må leggast tidleg, og her spelar barnehage og skule ei viktig rolle.

les Haakon Skjerdal på
kommentar plass s. 2

NR 5 • 2010 • ÅRGANG 9 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

Viktig med god plan

– Lokalpartia bør lage ein god kommunikasjonsplan til val-kampen, seier kommunikasjonsrådgjevar Tone Foss Aspevoll.
S. 8-10

Nye grenser

Ordførar i Radøy kommune, Jon Askeland (Sp), meiner ei eventuell kommunesamanslåing krev nytenking.

S. 18–20

Nynorsk i barnehagen

Fleire nynorskaktørar vil styrkje nynorsk i barnehagen. God nynorsk barnelitteratur er avgjerande, meiner dei.

S. 3

I motvind



Foto: Randi Indrebø/NRK

Magni Øvrebotten er verken kjend for å vere konfliktsky eller den som gir seg lett. Det kjem vél med når det stormar som verst.

• Sjå s. 12-13

Variert festival



Foto: Ingrid Hillestad

Under Nynorske litteratur-dagar i Aurland vart det plass til både bokdebutantar, matlaging og bokbad.

• Sjå s. 16



Hilde Gjermundshaug Pedersen. Illustrasjonsfoto: Judith Sørbus Littlehamar

– Ikkje tema

Kvifor er det så lite nynorsk sportsjournalistikk? Ei kartlegging LNK-avisa har gjennomført, viser at berre to av åtte landsdekkjande og regionale medium brukar nynorsk i sportssaker.

– På dei sju åra eg har vore i Fædrelandsvennen, har nynorsk aldri vore eit tema i redaksjonen, seier sportsleiar Svein Enersen.

• Side 6 og 7



Kvitebjørnen

– undring og læring

eit pedagogisk pilotprosjekt
for elevar frå 6. - 10. trinn

kvitebjørnen.no

nashornet.no



Samarbeidspartar: Rogaland fylkeskommune, Sparebank 1 SR-Bank, ABC Startside, Haugesunds Avis, Suldal kommune, Asker kommune, Kunnskapsdepartementet, Kulturdepartementet, Ryfylkefondet, LNK, Norsk Plan as

- Målet er å gjera nye generasjonar stolte av staden dei kjem frå og stimulera dei til å vera med på å påverka utviklinga.
Stiftinga Rasmus Løland-markeringa 2007 - 2011

Tredje året av prosjektet er i gong og 8.trinn jobbar i år med film og digital forteljing. Temaet er FØR og NO.

Vil dine elevar vera med?

Opplegget for 6. og 7. trinn er tilgjengeleg og kan takast i bruk gratis.

Arbeidsmåtar: Forteljing, drama, utstilling, innovasjon, filosofi, film og lesing.

Kompetansemål: KRL, norsk, samfunnsfag, matematikk, naturfag, kunst og handverk.

Kontakt:

Kvitebjørnen, v/ prosjektleiar Bente Kjos-Wenjum
52 79 04 85 / 47 23 17 35



Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk kommunar

LEIAR

Må krevje nynorsk

Berre to av åtte regionale og landsdekkjande medium brukar nynorsk i sportssaker, slår LNK-avisa fast i denne utgåva. Redaksjonen har lese sports-saker i seks tilfeldig valde papiraviser frå kvar redaksjon i perioden 23. august til 13. oktober for å kartleggje nynorskprosenten. Og ein treng ikkje vere overraska over resultatet; det er ingen løyn-dom at det er lite sportsjournalistikk på nynorsk i dette landet.

At lokalaviser bruker dekningsområdet til å forsvare ei redaksjonell linje på bokmål, er greitt nok. Men når regionaviser og landsdekkjande aviser, der delar av dekningsområdet brukar nynorsk, nyttar same argumentet, blir det feil. Til dømes VG og Dagbladet må ta på alvor at landet er tospråkleg, og at dei dermed har ein stor le-sarskare som sjølv nyttar nynorsk. Desse lesarane fortener å lese nynorske sportssaker også i VG og Dagbladet.

Denne debatten er gammal, likevel ser me ikkje dei store endringane hjå dei større redaksjonane i hovudstaden. VG-redaktør Bernt Olufsen seier til LNK-avisa at språket er ein så viktig del av avisa sin identitet at det ikkje bør vere gjenstand for kvotering. Kva om ein snur litt på dette og seier at språk er så viktig at også nynorskbrukarane fortener å lese sitt eige språk i VG?

I regionavisene som opnar opp for nynorsk, hand-lar den låge nynorskprosenten om andre ting. Her handlar der derimot om at få lesarar krev nynorsk, og at få journalistar krev å skrive nynorsk.

Vil me ha fleire sportssaker på nynorsk, må me altså engasjere oss. Me må krevje å få lese meir nynorsk, og nynorskjournalistane må krevje å få lov til å nytte språket sitt.

Då kan me kanskje sjå ei utvikling i denne debat-ten.



Illustrasjon: Leif Harald Forthun

Den nynorske grunnmuren



Haakon Skjerdal
Prosjektansvarleg i Aurland
kommune for Nynorske
Litteraturdagar

KRONIKK

I år er det 5 år sidan Nynorske Litteraturdagar (NL) i Aurland vart arrangert for første gongen, og då kan det høve godt både å sjå litt attende og å tenkje framtid for dette unike tiltaket i kommunal samanheng. For det mest særmerkte ved denne festivalen er truleg at han både starta og framleis blir driven som eit kommunalt prosjekt. Utgangspunktet i 2006 var eit resultat av ei medviten satsing på å utvikle ulike kulturtilbod i Aurland kommune med rot i den nynorske identiteten.

Det heile byrja med at ordføraren, Olav J. Ellingsen, tok til å dele ut nynorske songbøker til alle nyfødde born i kommunen. Dette er no innført som ei fast ordning.

Seinare kom "Song for livet", ei større kultursatsing med vekt på den nynorske songskatten. Her samarbeider barnehagane, grunnskulen, kulturskule og det frivillige kulturlivet. Sommaren 2006 starta Aurland kommune opp prosjektet LITTKRIT. Her fekk ungdomar tilbod om sommarjobb, der dei fekk lese og analysere nynorsk samtidslitteratur.

Nynorske Litteraturdagar er ei naturleg vidareutvikling av desse tiltaka. Målet har vore å etablere eit større årleg kulturarrangement med vekt på nynorsk litteratur og språk. Slagorda folkeleg, raus, levande er valde med omhug. NL skal vere eit arrangement som appellerer til ulike målgrupper både i høve alder og interesseområde, og som slagorda gjev eit vink om; dette er ikkje arenaen for målsak. Likevel fell det stundom naturleg å problematisere rundt nynorsken sitt utfordran-

de tilvere i eit samfunn som blir stadig meir urbanisert, og der påverknaden frå andre språk – i første rekkje engelsk – er jamt aukande. Døme på dette kan vere eit tema me løfta fram for to år sidan, med utgangspunkt i at mange verksemdar i det nynorske kjerneområdet framleis meiner at det er nødvendig å marknadsføre seg på bokmål for å lukkast. Som eit sanningsvitne for det motsette kunne då storkonsernet Lerum fortelje si suksesshistorie, og dei var slett ikkje aleine. Reint lokalt har hovudsponsoren vår, Aurland Sparebank, vore bevisst og konsekvent på bruk av nynorsk i marknadsføringa si. Me trur at ei balansert blanding av variert litteratur, folkeleg humor, lokal kunst og god mat er ein meny der alle finn noko for sin smak, og eit tiltak som såleis gagnar nynorsken på lang sikt. Det er tøft å snakke dialekt!

Det er den nynorske litteraturen som er grunnmuren i festivalen, og forlaga Samlaget, Selja og Skald er dei viktigaste støttespelarane våre når me skal komponere årets meny. Og sjølvstøtt treng me "bestseljarane" som trekkplaster, men samstundes ynskjer me òg å synleggjere både debutantar og dei "smalare" titlane. Erfaringane våre er at litteratur som i utgangspunktet appellerer til dei få, blir opplevd som spennande og interessant når forfattaren/omsetjaren får høve til å presentere han i ein intim atmosfære. Og intimt er det under Nynorske Litteraturdagar i Aurland! Her kjem publikum og aktørar tett inn på kvarandre, noko som blir opplevd som positivt for begge partane.

Grunnlaget for den gode nynorskbruken må leggjast tidleg, og her spelar barnehage og skule ei viktig rolle. Dei fire første åra har skulane i kommunen kvart år fått tilbod om opplegg tilpassa sine årsplanar. Nytt det 5. året er at også barnehagane får ein forfattar på besøk.

Mange vil nok hevde at det nynorske språket ikkje er det enklaste utgangspunktet for å skape eit kulturtilbod med brei publikumsopplutnad. Trass i det syner utviklinga at Nynorske Litteraturdagar er i ferd med å få på plass det publikumsgrunnlaget som skal til for å etablere seg som ein fast årleg kulturfest.

Når me no feirar fem år med Nynorske Litteraturdagar, så er det først og fremst med eit sterkt ønske om at stadig fleire får augo opp for dei mange fascinerande kulturskattane som har ankerfeste i nynorsken, dialektane og det nære.



Utgjevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk kommunar (LNK)

Redaktør:
Judith Sørhus Littlehamar
judith@norsk-plan.no

Redaksjon:
Toyni Tobekk
toyni@norsk-plan.no
Ingrid Hillestad
bladstova@lnk.no

Faste spaltistar:
Jan Olav Fretland
Vidar Høviskeland

Korrekturlesar:
Dag Gjerde

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vatlandsvåg
4235 Hebnes
Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse: bladstova@lnk.no

Montering:
Suldalsposten
Trykk:
Sunnhordland

Opplag omlag 6000
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år
og kan tingast hjå
LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller bladstova@lnk.no

Pris kr 150 per år.

Utgjevsplan 2010:
17/12

Annonseprisar:
1/1 side kr 20 000,-
(253x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-

(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.
Annonsar blir å levera
som pdf-fil til: astrid@norsk-plan.no

Vil styrkje barnehagespråket

Fleire nynorskaktørar rettar seg no særskilt mot barnehagane. – Det er viktig at både tilsette og foreldre meiner at det er viktig med nynorsk, også for dei minste, seier Ragnfrid Trohaug i Samlaget.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Trohaug er redaktør for barne- og ungdomslitteratur i Samlaget og meiner tilgangen til nynorskbøker for barn er avgjerande for kva språk ungane møter i barnehagen.

Det finst mange flotte bøker på nynorsk som ein med hell kan nytte i barnehagen, men barnehagane veit slett ikkje alltid at desse bøkene eksisterer, heller ikkje i kjerneområda, seier ho. Dei som arbeider for å fremje nynorsken, må synleggjere desse bøkene.

– Og det på ein annan måte enn all annan litteratur, for desse bøkene druknar ofte i bokhandelen, og mange stadar der det er nynorskbarnehagar, er det ikkje bokhandel.

Ragnfrid Trohaug meiner det er viktig at dei ulike aktørane samarbeider for å få meir nynorsk inn i barnehagen. Og ho har klokkekartru på at språkleg sjølvtilitt er noko som må skapast heilt frå før ein kan snakke.

– I forlaget har me gåande eit prosjekt kring utvikling av småbarnsbøker, fordi me meiner det er viktig at ungane får møte nynorsken allereie på peikebokstadiet.

Samlaget deltek også med boktips i Noregs Mållag sitt barnehageprosjekt Gjennom ord blir verda stor og planlegg i tillegg å lage tilbodspakkar med aktuelle bøker til barnehagar.



SPRÅKLEG UTVIKLING: Fleire nynorsk-aktørar satsar no på å styrke bruken av nynorsk i barnehagane. (Illustrasjonsfoto: Toyni Tobekk)

SPRÅKLEG PLATTFORM

Dagleg leiar i Noregs Mållag, Gro Morken Endresen, meiner det løner seg å samarbeide med andre som også arbeider med å styrkje nynorsken i barnehagane.

– Då når me ut til fleire, og budskapet står fram sterkare. Me vil mellom anna gjerne samarbeide om litteraturformidling, der særleg forlag kan vere aktuelle samarbeidspartnarar. Eit anna område kan vere å få fleire oppvekstavdelingar i kommunane til å diskutere kva språkpolitikk som bør liggje til grunn for barnehagane, med mål om at fleire kommunar lagar ein språkplan og inkluderer barnehagane i denne. Her er det naturleg å tenkje på LNK som ein samarbeidspartnar, seier ho.

Noregs Mållag har no starta kampanjen Gjennom ord blir verda stor. Prosjektet er planlagt oppsummert til landsmøtet i april 2012. Hovudtyngda denne hausten er

tre kampanjeveker, der styremedlemmer og tilsette saman med lokallaga vil reise til 30-40 barnehagar. I tillegg er det mange lokallag som no set i gang tiltak.

– Målet med prosjektet er for det første at ungar som seinare skal byrje med nynorsk på skulen, har ein god nynorsk plattform og er trygge på språket sitt. I tillegg er det eit mål at ungar som skal ta til med bokmål, også har fått møte nynorsk som ein naturleg del av det norske språket, slik at ein gjennom tidleg kunnskap kan ta toppen av seinare moglege fordommar.

Målgruppa til prosjektet er både dei tilsette i barnehagane og foreldra. Morken Endresen meiner det er viktig at både desse gruppene er medvitne om den språklege påverknaden ungane møter i kvardagen.

– Den beste måten å styrkje nynorsken på er gjennom mykje bruk av nynorsk i litteratur, songar og leikar. I mange område er det også viktig at ungane får lære

dialektorda i ulike samanhengar, og at ein bruker tid på positiv undring over kva som er likt og ulikt mellom dei ulike dialektane.

– FINN DEI GODE BØKENE

Det nasjonale senteret for nynorsk i opplæringa, Nynorsksenteret, satsar også på å nå ut til barnehagane. Med prosjektet Nynorsk i barnehagen tilbyr dei barnehagane nettstaden Nynorsk for dei minste, som er ei ressurside for dei som jobbar i barnehagar og på dei lågaste trinna i skulen, og dessutan barnesidene som er knytte til tekstsamlinga Les for meg! I tillegg ynskjer Nynorsksenteret å styrkje bruken av nynorsk barnelitteratur og å ha fokus på nynorsk i språkstimuleringa i barnehagen. Som resultat av dette har barnehagane fått tildelt bokpakkar med ny nynorsk barnelitteratur. Målgruppa er barnehagetilsette i nynorskkommunar, og prosjektet går fram til våren 2011.

– Det finst mange gode barnebøker på nynorsk, og har ein gode bøker i barnehagen, har ein eit godt utgangspunkt for å gi barna gode leseopplevingar på nynorsk, seier Liv Kristin B. Øvereng, som er prosjektmedarbeidar i Nynorsksenteret.

Noko av det viktigaste barnehagane kan gjere, i fylgje Øvereng, er å vere medvitne på kva bøker dei vel ut, og ikkje minst bruke nynorsk i kvardagen, både i høgtlesing og når ein skriv.

– Det er mange tiltak som er bra og viktige. Vår satsing konsentrerer seg i denne omgang om bruk av barnelitteratur og IKT, men det er sjølvsagt mange andre ting som er viktige i kvardagen. Ingeborg Mjør heldt eit innlegg på eit seminar me hadde i Bergen, og ho la mellom anna vekt på at det er viktig å lese på nynorsk, ikkje berre på dialekt. I tillegg understreka ho at me bør bruke nynorsk som skriftspråk både på slikt ein skriv sjølv, og når ein er skrivar for barna, til dømes i samband med teikning.



Sett av tid til den nasjonale valkonferansen

SNAKK MED OSS

– då gidde me kanskje stemma

Stad: Oslo 10. og 11. mars 2011 på Hotell Bondeheimen

Programmet er klart i god tid før jul

Arrangør: "Mot til å meina" i samarbeid med KRD, LNK, Kommunalbanken, Fagforbundet og dei tre kommunane Hjelmeland, Sauda og Time.










SITATET:

– Vi vet ennå ikke hva et Litteraturhus kan ende opp som. Men Bergen og Vestlandet er sprekkeferdige for et slikt tilbud. Som det ble sagt i en annen by i et annet land: En by som har fått litteraturhus blir ikke helt den samme etterpå.

Debattredaktør Hilde Sandvik i BT om eit litteraturhus i Bergen

LESARBREV

Kjempemeieri med miljøgevinst?

To ting er dei fleste samde om:

Jærbuen er driftige folk og LNK-avisa er ei viktig informasjonskjelde for oss som likar å halda oss orienterte om kva som skjer i “nynorskland”. Men etter å ha lese artikkelen (nr. 4/2010) om kjempemeieriet på Hå, set eg med ei kjensla av at LNK-avisa sitt ry som seriøs opplysningskjelde kan svekkast av berre formidlingsiver og glede over at nynorskingane får ting til.

Eg tvilar ikkje på at koplinga meieri og gartneri kan gje miljøgevinst lokalt. Og endå meir økonomisk gevinst. Men at det vidare ikkje finns eit kritisk spørsmål i heile artikkelen? Om alle tinga som faktisk ikkje er så bra med slike gigantanlegg? Alt no vert all mjølk frå området me kallar Haugalandet, kjørt til eit meieri i Stavanger-regionen. I tankbil, som kjører tom i retur. Så vert det sendt ein ny trailer (ofte tom den òg) for å henta mjølka tilbake. Med forureining, transportkostnader, vegslitasje, fare for ulukker, lengre ferjekøar m.m. At mjølka skiftar namn på turen og kjem attende som melk, er ei anna sak eg ikkje skal ta opp her. Når fire meieri vert erstatta med eitt nytt må dette føra til endå meir transport og tomkjøring med alle dei negative konsekvensane dette har. Eg lurar på kor langt mjølka eigentleg skal fraktast heretter?

I tillegg fører bygginga til sentralisering av arbeidsplassar og lange arbeidsreiser for dei av dei tilsette som ikkje vert effektiviserte vekk. Kor miljøvenleg det er med kjempegartneriet som alt er etablert, ser eg heller ikkje at LNK-avisa stiller spørsmål om. Klarar produsenten, på miljøforsvarleg vis, dyrkinga utan bruk av miljøgifter? Me veit at store monokulturar ofte er utsette for sjukdommar og skadedyr. Me veit òg at t.d. tomatar som skal fraktast langt vert hausta tidleg og ettermogna. Mange forbrukarar tykkjer dette går ut over smaken. Det må vera eit tankekors for fleire enn meg at mange betalar dyrt for “smakstomater” og at det i det heile er bruk for eit slikt produkt! Og kva med bygdene der me finn mindre gartneri som del av livsgrunnlaget og arbeidsmarknaden? Kva skjer der om dei små gartneria vert utkonkurrerte? Skal den kortreiste maten forsvinna?

Eg oppmodar LNK til å halda oppe både informasjonsverdien og begeistringa, men samstundes også stilla dei kritiske spørsmåla. Kvar vart det av det nynorske tvisynet?

Helsing Torill Borge Horneland
Samfunnsinteressert nynorsking og leiar i Sveio Mållag

Velferdskommunane



Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK

HØVISKE ORD

Det er Kommune-Noreg som skapar velferdssamfunnet. Nyheitsbrevet Mandag Morgen har undersøkt kva innbyggjarane meiner om velferdstilboda i kommunane. Undersøkinga syner at folk flest er best nøgde med dei kommunale velferdstenestene i dei minste kommunane. Desse kommunane gjer det best på områda helse, oppvekst og eldreomsorg.

Det er ikkje så lenge sidan forskar Iver B. Neumann terga på seg brorparten av alle nordmenn busette utanfor hovudstaden ved å stå fram som snusfornuftig betrevitar med bastante meiningar om noko han ikkje visste så mykje om. Det gjekk ikkje så bra. Aviser og bloggar hadde mykje fest og moro på sentralmakta og Neumann si rekning i fleire veker etterpå.

Når utdanningsdirektøren, helsedirektøren og barneombudet no har gått ut, i noko som ser ut til å vera ein delvis samordna aksjon, og åtvarar mot dårlege skuletilbod og helse- og barnevernstenester i småkommunane, kunne dette også fort ha blitt oppfatta som synsing frå makteliten i hovudstaden. Når det ikkje har gått slik, har nok dette å

gjera med at desse toppbyråkratane uttalar seg om sine egne fagområde. Sjølv om dei til no ikkje har dokumentert påstandane dei synsar om, reknar me så smått med at så profilerte fagfolk i det minste driv med kvalifisert synsing.

Det er ikkje sikkert dei gjer det. KS-direktør Sigrun

Vågeng har bedd om dokumentasjon. Dette er viktig, for dersom embetsfolka faktisk klarar å prova at dei har rett, har Kommune-Noreg ei stor utfordring som må løysast – om nødvendig ved kommunesamanslåingar.

Men så er det spora som skræmer: I Danmark vart talet på kommunar redusert til ein tredel i 2007. I følge Klassekampen har dette ført til at det er tilsett 1650 nye byråkratar, og at danske kommunar brukar mest ein milliard meir enn før reforma – fram til no. Avisa har intervjuar Lars Olsen, som har skrive boka *Eliternes triumf*. Olsen meiner den danske reforma var eit eliteprosjekt som har skapt større avstand mellom politikarar og styringsverk. Lokalpolitikarar kjenner meir og meir avmakt i møtet med stadig fleire akademikarar og spesialistar, og reforma har såleis svekt det danske lokaldemokratiet.

Dei fleste norske kommunane klarar seg godt i dag. Utfordringane kjem først dersom dei får tilført nye store oppgåver, til dømes gjennom samhandlingsreforma, som lurar bak nova.

Mange har peika på at småkommunane slit med å rekruttera kvalifiserte fagfolk. Dette er nok rett, men problemet gjeld langt fleire enn småkommunar. Så lenge lønnsnivået i kommunane ligg under lønnsnivået i privat sektor, vil dette vera eit gjennomgåande problem. Og så lenge dei store bykommunane får overføringar som sikrar at dei har høve til å vera lønsleiar i høve til mindre kommunar, vil det vera vanskelegare å rekruttera fagfolk i ein liten eller mellomstor kommune enn i hovudstaden.

For alle kommunar handlar kampen om kompetansen om å skapa attraktivitet – vilje til å bu. Dersom statlege verkemiddel vert sette inn, kan denne kappestriden først på meir likeverdige vilkår. Det fortener velferdskommunane.

Dei fleste norske kommunane klarar seg godt i dag. Utfordringane kjem først dersom dei får tilført nye store oppgåver, til dømes gjennom samhandlingsreforma, som lurar bak nova.



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo
www.lnk.no

post@lnk.no

Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

Styret:
Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar

Solfrid Borge
Laura Seltveit
Rune Øygard

Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Frir til kommunane

Tidsskriftet Mål og Makt, som Studentmålslaget i Oslo gir ut, vil no ha fleire kommunar som lesarar.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Redaksjonen i Mål og Makt har no sett i gang ein kampanje for at fleire kommunar skal tinge tidsskriftet.

– Nynorsk-kommunane pliktar også å jobbe aktivt for å fremje nynorsken. Å tinge Mål og Makt er ein lettvin og god måte å gjere det på, seier skriftstyremedlem i tidsskriftet, Marianne Granheim Trøyflat. Ho legg ikkje skjul på at kampanjen er sett i verk først og fremst for å auke lesartalet.

IKKJE BERRE FOR OSLO

– Me innser at dersom me skal ha livets rett, må flest mogleg få tilgang til artiklane våre. Sjølv om primærgruppa er studentar i Oslo, ynskjer me ikkje å vere eit tidsskrift berre for Oslo. Me vil at folk over heile landet skal kunne ha glede av det me skriv, noko som er i tråd med målrørsla sine idear om at alle deler av landet skal sjåast, også frå Oslo.

Tidsskriftet har i hovudsak målsak og kulturstrid som tema, men ifylgje Trøyflat står også lokaldemokratiet sentralt.

– Kven som fattar viktige avgjerder i samfunnet, og kva verdigrunnlag desse kviler på, er i kjernen av det me held på med. Me er eit tidsskrift som skal vere ein del av samfunnsdebatten. Me stiller spørsmål, og me gir svar. Mål og Makt interesserer seg for lokaldemokratiet og har blant anna

hatt saker om val, bustadpolitikk og lokal språkpolitikk, slår ho fast.

STØR STUDENTANE

Ambisjonen til tidsskriftet er ifylgje Trøyflat å vere eit blad for alle som er interesserte i språk, språkdebatt, kulturkamp, motkulturelle ståstader og politikk. Det første nummeret av magasinet kom ut i 1934, i dag har tidsskriftet fire nummer i året.

– Me meiner dette er ein fin måte for kommunane til å drive målarbeid på. Ved å støtte oss får dei tilsendt godt lesestoff for tilsette og brukarar og er med på å stø arbeidet til nynorsk-skrivande studentar som kanskje ein dag skal jobbe i desse kommunane.



KAMPANJE: Marianne Granheim Trøyflat i Mål og Makt ynskjer at fleire kommunar finn tidsskriftet interessant. (Foto: Privat)

Auka kulturpotten

– Det var ikkje store overraskande tal i statsbudsjettet, men svært gledeleg med millionar til Garborgsenteret og Hauge-senteret, seier dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Løyvinga til LNK vert førd vidare som i dag. Det som er spennande for oss, er tilskot me har søkt om til diverse prosjekt, her er ikkje alt i boks enno. Men me reknar med at dette vil vere avklara før jul, uttaler han til LNK-avisa.

Nynorsk kultursentrum i Ørsta og Nasjonalt Garborgsenter på Bryne får bae ein monaleg del av kulturpotten på statsbudsjettet dette året. Nynorsk kultursentrum får 1,3 millionar kroner i auke i 2011, hovudsakleg for å etablere Olav H. Hauge-senteret. Jærmuseet får 3 millionar kroner ekstra neste år for å skjøtte driftsansvaret for Nasjonalt Garborgsenter.

KRAFTTAK

For Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar er det lagt opp til løyvingar på same nivå som for 2010. Også for stiftingane Magasinett og Pirion, som er stifta av LNK

og Noregs Mållag, blir tilskota frå året før førde vidare.

Noregs Mållag mottok 3,6 millionar kroner i støtte frå Kulturdepartementet for å styrkje nynorsk skriftkultur. Leiar Håvard B. Øvregård er likevel skuffa over at nynorsk i skulen fekk lite merksemd i statsbudsjettet.

– Noregs Mållag ventar at Kunnskapsdepartementet tek eit krafttak for nynorsken i skulen. Ei betre nynorskundervisning i grunnskulen og vidaregåande skule krev klarare prioritering frå Kunnskapsdepartementet, seier Håvard B. Øvregård i ei pressemelding.

MÅ STILLE KRAV

Han meiner utfordringa med å styrkje nynorsken i skulen knapt er nemnd i budsjettdokumentet.

Øvregård understrekar kor viktig det er at Kunnskapsdepartementet no brukar ressursane sine på ein slik måte at kommunane gir elevane betre undervisning på nynorsk, læreverk på nynorsk og oppdaterte og kompetente lærarar. I tillegg meiner han det er viktig at departementet stiller krav til korleis fylkeskommunane kjøper inn bøker til vidaregåande skular.

– Noregs Mållag meiner det er avgjerande at Kunnskapsdepartementet, alle-reie i statsbudsjettet, gjer det heilt klart at det ikkje vert betalt ut midlar til ulovlege læremiddel. Dette vil seie læremiddel som berre er tilgjengelege på bokmål, seier Håvard B. Øvregård til nm.no.

Vang kommune med i LNK

– Blant anna ynskjer me å nytte oss av språkkurset til LNK, seier rådmann i Vang kommune, Reidar Thune.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Han meiner tida var komen for kommunen til å melde seg inn nynorskorganisasjonen.

– Språket og talemålet vårt er viktig for kommunen og ikkje minst ein viktig del av kulturarven vår.

Thune håpar at ein ved å vere medlem i LNK kan vere med og støtte opp om nynorsken og ikkje minst formidle at språket er viktig.

– Då tenkjer eg spesielt på ungdommane våre. Me vil jo gjerne at dei kjem heim att til kommunen, slår han fast. I første omgang ynskjer no kommunen å nytte seg av språkkurset På saklista, som LNK tilbyr i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.



Rådmann i Vang, Reidar Thune. (Foto: Vang kommune).

– Det er for oss alltid viktig å gjennomgå språket vårt, og då ikkje berre nynorsken. Men me skal uansett målform ha ei språkføring som alle forstår. Det er viktig korleis ein pakkar inn det ein skriv, meiner rådmannen.

Må forklare lovbrøt

Over halvparten av alle klagen om brøt på eksamensforskrifta når det gjeld val av målform, kjem frå NTNU, skriv Universitetsavisa.

No må universitetet svare for seg til Kunnskapsdepartementet om korleis dei vil endre på dette.

Dei to siste åra har Språkrådet fått 25 klager på brøt på eksamensforskrifta ved universitet og høgskular. 14 av desse kom frå NTNU.

– Sjølv om me har etablert gode rutinar for studentane sitt val av målform, har diverre ikkje dette vore tilstrekkeleg

for å sikre at studentane har fått eksamensoppgåvene på eiga målform. Dette er eit leiaransvar, som i første rekkje ligg hjå instituttleiar, seier Anne Marie Snekvik, juridisk leiar ved studieavdelinga ved NTNU til Universitetsavisa.

Språkrådet klaga på NTNU både i 2008 og i fjor. Etter dette vart saka send vidare til Kunnskapsdepartementet, som no vil at universitetet skal forklare seg. Språkrådet meiner generelt at brøt på mållova er symptom på at det står dårleg til med nynorsk-kompetansen, både innan høgare utdanning og i andre statsorgan.

Advent på Slottet



Lakseslottet Lindum

www.lakseslottet.no

post@lakseslottet.no



ELITEN: Toppfotball er prioritert høgt i sportsredaksjonane i regionavisene. Men det blir ikkje skriva mykje om Rosenborg, Brann, Viking og dei andre elitelaga på nynorsk. (Foto: Øyvind Andreassen/Creative Commons).

Lite sport på nynorsk

Berre to av åtte regionale og landsdekkjande medium bruker nynorsk i sportssaker. Korkje journalistane eller folket krev det, seier avisene.

TOYNI TOBEKK
toyini@norsk-plan.no

Frå nittitalet og fram til i dag har det vore ei formidabel satsing på sport, både i papir- og etermedier. Avisene satsar tungt, og dei fleste dagsavisene har dagleg sportsdekning. I tillegg har mange av dei eigne sportsvedlegg og ei rekkje saker i skjæringspunktet mellom sport og livsstil. Trass i det store omfanget av sport som finst i avisene, er det lite nynorsk å finne, viser LNK-avisa si undersøking av åtte store aviser med nynorsk dekkingsområde.

– På dei sju åra eg har vore i Fædrelandsvennen, har nynorsk aldri vore eit tema for redaksjonen, seier sportsleiar Svein Enersen. – Vi har aldri hatt journalistar som har bede om å få skriva nynorsk. Avisen hans får følgje av både Stavanger Aftenblad og Adresseavisen, som trass i at avisene ikkje har nokon politikk på å bruke berre éi målform, ikkje kan vise til ei einaste eigenprodusert nynorsksak i LNK-avisa si sportsmåling.

– Er det ein situasjon de er fornøgde med, eller kunne de ønskt dykk meir nynorsk?

– Det har vi ikkje tenkt så mykje på før de bringa det på bane, seier Enersen. – Men vi får gjerne byrje å tenkje på det no. Han er derimot klår på at ein nynorskskrivande journalist ville fått bruke språket sitt i sporten som i resten av avisa.

IKKJE NOKO MÅL

Heller ikkje i Adresseavisen har nynorsk vore diskutert i sportsredaksjonen.

Re-portasjeleiar Øyvind Lein er faktisk svært overraska over at nettsøket i netta-avisa hans peikte oss til 10 saker på nynorsk, men konkluderer med at dette er saker som er skrivne av Bergens Tidende, og som finst i Adresseavisen sitt arkiv som resultat av ei stoffutveksling mellom avisene.

– Vi har ikkje noko mål om at det skal vere nynorsk i avisa vår, seier Lein. – Vi har heller ikkje noko mål om at det ikkje skal finnast.

– Kva viss lesarane dykkar ber om det?
– Det må vi ta stilling til viss det kjem opp. Sjølvstøtt kan ein redaksjon justere seg etter påtrykket frå lesarane. Men det nynorske dekningsområdet vårt opplever eg som ganske lite, og det har ikkje vore reist som ei sak til no. Viss ein journalist ønskte å bruke nynorsk i Adresseavisen, meiner Lein at det ville ha vore greitt for han som sportsleiar, men at det likevel måtte vurderast om det hadde vore tenleg overfor lesarane.

VIKING PÅ NYNORSK

I Stavanger Aftenblad er det ikkje mykje sportsstoff å finne på nynorsk, trass i at avisa har ein klår språkdelt profil og ein sjefredaktør, Tom Hetland, som sjølv er nynorskbrukar og har fått språkpris for sitt arbeid med fremming av dei to skriftspråka i regionen.

Fungerande sportssjef Jan-Erik Larsen trur som Enersen i Fædrelandsvennen at mangelen på nynorsk i sporten heng saman med at ingen krev det. Han viser òg til at avisa tradisjonelt bruker bokmål til bysaker og nynorsk til distriktssaker.

– Men vi spør ikkje etter målform når vi tingar saker frå frilansarar, og ein sportsjournalist som ønskjer å skriva på nynorsk, får lov til det. Vi oppmodar dessutan journaliststudentar som hospiterer hjå oss, om å bruke si målform. Larsen trur likevel det ville ha skapt reaksjonar om avisa byrja å skriva om fotballklubben Viking og

hockeyklubben Stavanger Oilers på nynorsk.

– Vi hadde nok fått reaksjonar, slik vi gjer når vi skriv om bystyresaker frå Stavanger på nynorsk. Men det ville vel blitt ein fire-fem telefonar, så nokon lesarstorm hadde vi neppe fått.

FORNØGDE

Tre av dei åtte avisene som LNK-avisa har sett på i denne reportasjen, har ikkje sportssaker eller andre nyhendesaker på nynorsk. Sportssjef Jens Olav Kløvrud i Dagbladet er sjølvstøtt ikkje overraska over funna.

– Vi har for det første ingen sportsjournalistar som har nynorsk som sitt førstespråk. I tillegg er vi ei riksdekkjande avis som sjølv har bokmål som vårt førsteval.

– Men betyr det at de ville opna for nynorsk i sportsredaksjonen viss de fekk ein nynorskskrivande journalist?

– Vi har ikkje hatt nynorsk i sportssaker til no, med unntak av nokre heilt få gonger kor settingen eller intervjuobjektet har gjort det naturleg. Skulle det bli eit naturleg spørsmål, ville eg tatt det vidare til sjefredaktøren er svaret frå sportssjefen. Kløvrud seier bruk av nynorsk aldri har vore noko tema hjå sportsredaksjonen i Dagbladet, og at ingen heller har etterspurd det.

– Så alt i alt er de fornøgd med situasjonen slik han er?

– Det er vi.

VIL IKKJE HA KVOTERING

Heller ikkje Aftenposten eller VG opnar for at nynorskjournalistar kan få skriva slik dei ønskjer i sporten, i alle fall ikkje så lenge avisene har ein språkpolitikk som seier noko anna.

– Når det gjeld målform, er linja vår i sportsredaksjonen den same som VG og redaktøren har lagd seg på, nemleg at vi er ei avis som bruker moderat bokmål. Vi

har heller ikkje noko særskilt ønske om å få bruke nynorsk i sportssakene, seier sportssjef Trond Johannessen i VG.

Ansvarleg redaktør Bernt Olufsen i same avis utdypar:

– Vi har fleire journalistar som opphavleg har nynorsk som hovudmål, i avisa, som til dømes Olav Versto. Desse må følgje språknorma vår, som vi har hatt sidan stiftinga av avisa, altså moderat bokmål.

– Viss lesarane dykkar ønskjer nynorsk i avisa, kva då?

– Vi har fått fleire opprop og kampanjar mot oss om nett det. Vi meiner det er betre for avisa å ha ein einskapleg enn ein tospråkleg profil, slik til dømes Bergens Tidende og Sunnmørsposten har. Det er vanskeleg å halde ein jamn kvalitet viss vi blandar språka. Vi har då vald det språket som vi meiner flest folk i Noreg kan gjere bruk av, seier VG-redaktør Bernt Olufsen og tilføyer:

– Personleg meiner eg at språket er ein så viktig del av avisa sin identitet at det ikkje bør vere gjenstand for kvotering.

Samarbeider

Aftenposten, Bergens Tidende, Fædrelandsvennen og Stavanger Aftenblad blir saman med Finn.no eigd av Media Norge og driv gjennom dette selskapet utveksling av redaksjonelt materiell. Saker skrivne av ein redaksjon kan såleis hentast inn og brukast av andre aviser i Media Norge. Adresseavisen var tidlegare med i Media Norge, men valde å trekkje seg ut av selskapet. Avisen har framleis avtalar om utveksling av sportsstoff med Media Norge.

Ser lyst på framtida

Hans Henrik Løken er praktikant ved Nynorsk mediasenter og ser optimistisk på ei framtid som nynorsk sportsjournalist.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Eg er ein sportsnerd med stor interesse for området, så eg ønskjer å ha sport som mitt felt som journalist. Eg er i så måte innstilt på å bruke nynorsk så langt det let seg gjere, og vil vere lojal mot nynorsken. Løken er midt inne i ein periode med utdanning og hospitering hjå NRK Sogn og Fjordane, og etter det følgjer det 2 månader hjå ein ekstern redaksjon. Då håper han å kome seg inn i NRK-sporten og etter kvart klore seg fast der. Der reknar han det som sjølv sagt at det vil bli uproblematisk å bruke nynorsk. Tidlegare har han jobba i Hardanger Folkeblad, der han skreiv halvt om halvt med nynorsk og bokmål. Nokre negative reaksjonar på målbruken har han ikkje fått.

– Nei, tvert om. Det har vore meir av typen «eg likar det du skriv, og eg likar nynorsken din». Samstundes ser han at utfordringa kan bli ei heilt anna viss han ein dag skulle ønskje seg jobb i rikspressa.

– Ein får ikkje bruke nynorsk i til dømes VG, så målforma stenger nokre dører der. NRK-journalist Harald Thingnes er van med å bruke nynorsk som sportsspråk og jobbar i ei mediebedrift der det finst mange nynorskbrukarar. Men for han handlar det meir om kor god jobb han gjer, enn kva språk han skriv på.

– Eg har aldri blitt oppfordra til å bruke eit anna språk og har heller aldri fått negative reaksjonar på at eg bruker nynorsk. I alle fall har slike reaksjonar ikkje kome til meg.

Snarare opplever han at folk, når dei først har ei meining om det, er positive. Innanfor redaksjonen er bruk av nynorsk eller bokmål ikkje noko vidare gjenstand for diskusjon.

– Sjølv om NRK har eit lovpålagt minimumskrav, så er dette med kvotering ikkje noko vi snakkar om og tenkjer på. Thingnes er ein fleirmedial journalist, det vil seie at han i tillegg til å lage reportasjar for radio og tv også skriv for papir og nett. Før han byrja i NRK, jobba han i nyhendeavdelinga til TV-Norge, og heller ikkje der var det noko problem å få bruke målforma si.

– Men situasjonen er nok annleis for skrivande journalistar, og då spesielt journalistar i aviser som VG, Dagbladet og Aftenposten, seier Thingnes.



KLAR: Hans Henrik Løken ser fram til å byrje som sportsjournalist. (Foto: Privat.)

– Ikkje overraska

At nynorsk er lite brukt i sporten, overraskar ikkje Magni Øvrebotten, sjef for NRK Nynorsk mediasenter.

– Sport vert rekna som underhaldning, og det er framleis mange som meiner at nynorsk ikkje høver til det. Lyrikk og nyhende kan gjere seg på nynorsk, det er på ein måte allment godteke etter kvart, men der stoppar aksepten hjå mange.

Slik kommenterer ho fråveret av nynorsk i sportsdekkinga til region- og riksavisene.

Ho synest det er trist viss journalistane ikkje bed om å få bruke nynorsk dersom dei ønskjer dette, men meiner redaksjonane sjølv må vere med og ta ansvar ved å oppmode til det.

– Vil dei ha nynorsk i spaltene, må dei tilsetje nynorskbrukarar som vil bruke språket. På kjøpet får dei ein to-språkleg journalist, seier Øvrebotten.

NRK Nynorsk mediasenter har sidan 2004 hatt 60 nynorskpraktikantar som vil utvikle seg som nynorskbrukande journalistar i avis, radio, tv og på nett. Så langt Øvrebotten hugsar, er det berre ein av desse som har blitt sportsjournalist, men mediasenteret er ifølgje leiaren opptekne av å få fram fleire.

– Sport er eit prioritert område hjå oss, nettopp fordi det er så lite nynorsk i sporten som det er.

Sunnmørsposten og Bergens Tidende har eigenproduserte sportssaker på nynorsk, både i papiravisa og på nett. Men å skrive om Brann på nynorsk er ikkje aktuelt.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Vi opplever det som naturleg å skrive om ting som skjer midt i Bergen, på bokmål, seier sportssjef for Bergens Tidende, Tore Strand. – Dei av journalistane som skriv nynorsk, gjer det i ein del samanhengar der det er naturleg for redaksjonen, til dømes når dei skal skrive om fotballklubben Sogndal.

– Får de reaksjonar viss de skriv om Brann eller bynære hendingar på nynorsk?

– Ja, det gjer vi.

Sportssjefen er overraska over at LNK-avisa ikkje fann meir enn fem prosent nynorsksaker i papiravisa på seks tilfeldig valde dagar over ein periode på seks veker.

– Vi meiner vi har meir enn det viss ein ser på avisa over eit lengre tidsrom.

MEIR PÅ SUNNMØRE

– Vi kunne godt hatt meir nynorsk i sporten i Sunnmørsposten, seier Helge Skuseth. Skuseth er sjef for sportsredaksjonen i ei regionavis som dekkjer heile Sunnmøre pluss Vestnes og Misund i Møre og Romsdal og Nordfjord i Sogn og Fjordane. Saman med Bergens Tidende var Sunnmørsposten den einaste regionavisa som hadde eigenproduserte sportssaker på nynorsk.

– Vi opplever det som naturleg å dekkje sport frå nynorskkommunar på nynorsk. Og nynorskkommunar er her jo ein del av, seier han.

OVERRASKA

Sunnmørsposten har eigen nettredaksjon, men denne har ikkje eigen sportsredaksjon. Papir- og nettutgåva har såleis ein del utveksling av stoff seg imellom. Skuseth er litt overraska over at papiravisa ikkje har meir enn 8 prosent nynorsksaker i LNK-avisa sin måleperiode, og seier han gjerne såg det var meir.

– Vi har ikkje eigen sportsredaksjon utanfor Ålesund, så mange av arrangementa utanfor byen blir dekte av frilansarar som brukar nynorsk.

Men det hender sjølv sagt ikkje alltid at sakene deira kjem på trykk eller nett.

VEKSLAR

Strand meiner det ikkje er noka stor utfordring å bruke nynorsk i sportsdekkinga, og har per i dag tre-fire nynorskskrivande journalistar. Desse vekslar mellom å bruke nynorsk og bokmål ut frå kva sak dei skriv. Skulle ein journalist ønskje å berre bruke nynorsk i alle sportssaker, ville ho ikkje nødvendigvis fått lov til det. Det er ei sak som i så fall må løftast ut av redaksjonen og opp på eit høgare nivå, seier Strand.

– Kva viss lesarane dykkar bed om meir fotballstoff om Brann på nynorsk?

– Det er svært hypotetisk og nesten ikkje til å meine noko om. Men det er klart, det er lesarane vi må tenkje på, det hjelper ikkje kva vi meiner.

IKKJE EIT KRAV

– Korleis kan avisene få meir nynorsk i sportsredaksjonane?

– Vi må våge oss meir utpå og kurse oss meir i språket. Intern opplæring er sjølv sagt eit middel. Ikkje alle som jobbar i redaksjonen vår, kjenner seg komfortable med nynorsk.

– Er nynorsk eit krav ved rekruttering til Sunnmørsposten?

– Ikkje i sporten, nei. Men i distriktskontora våre er det eit krav om at dei som søker jobb, må meistre nynorsk.

Nynorsk i sportssaker

LNK-avisa har lese sportssaker i seks tilfeldig valde papiraviser frå kvar redaksjon i perioden 23. august til 13. oktober og tald opp kor mange av desse som var på nynorsk. Vidare har vi sett på overskrift og ingress på dei 25 siste sakene på nettsidene deira. Vi har òg søkt på orda ”spelarar”, ”spele” og ”skiløpar” i nettsøket og talt saker som er publiserte innafør tidsrommet.

Vi har vald dei regionale og landsdekkjande avisene som vender seg til lesarar i språkdelte område.

Medium	Papir	Nett	Søk
Adresseavisen	0	0	10 saker
Aftenbladet	0	0	0
Aftenposten	0	0	0
Bergens Tidende	5 %	20 %	4 saker
Dagbladet	0	0	0
Fædrelandsvennen	0	0	0
Sunnmørsposten	8 %	20 %	0
VG	0	0	0

– Lag ein plan



ENKELT SPRÅK:

Kommunikasjonsrådgjevar Tone Foss Aspevoll og Ap-politikar Tommy Skar er samde i at politikarane bør bruke eit enkelt og tydeleg språk i valkampen.

VALKAMP

Lokalpartia står no framfor ein ny valkamp opp mot lokalvalet hausten 2011. Men korleis bør politikarane kommunisere for å nå ut til veljarane sine? Her får lokalpolitikarane råd frå både kommunikasjonsrådgjevarar og folk flest.

Partia bør lage ein kommunikasjonsplan, bruke lokalavisa og dei lokale møteplassane, meiner kommunikasjonsrådgjevarar i politikken.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Tone Foss Aspevoll er kommunikasjonsrådgjevar for stortingsgruppa til SV. Ho er tydeleg på at dei lokale partia bør byrje valkampen med å få på plass ein kommunikasjonsplan. Ein god plan er nemleg halve jobben.

– Kommunikasjonsplanen bør vere klar når kandidatane er klare. Her er det viktig å slå fast kva budskap ein ynskjer å nå ut med, kva tidspunkt ein vil nå veljarane på, og kva kanalar ein bør bruke, seier ho. I fylgje Aspevoll er lokalavisa, sosiale medium og dei lokale møteplassane viktige kanalar som politikarane bør vere synlege i.

– Lokalavisa er viktig, ho er både mykje og grundig lest. Og redaksjonane er opptekne av lokal politikk og lokale saker. Det er kjekt med redaksjonelle oppslag om viktige saker, men bruk også lesarbrevidene. Her kan ein få ein god dialog med veljarane, ver ikkje så redd for litt usemje. Litt usemje er berre bra så lenge det ikkje blir skittkasting, meiner SV-rådgjevaren,

som meiner det i dag er for lite politikk i lokalavisene.

BYRJE MED FACEBOOK

Aspevoll legg vekt på at politikarane bør tilpasse budskapen sin til fleire kanalar for å nå flest mogleg grupper. Utan tvil bør politikarane satse på sosiale medium, ikkje minst for å nå dei unge og nye veljarane.

– Ein skal hugse på at dette har vore vaksenopplæring for mange politikarar, medan mange av veljarane ikkje kjenner til noko anna enn at nettet er ein del av kvardagen. Språket er også viktig på desse arenaene. Mange trur dei må prate hipt og kult i sosiale medium, det er feil. Ein må alltid bruke det språket som er naturleg, viss ikkje blir det uærlig kommunikasjon, slår ho fast.

– Og det må vere eit enkelt og tydeleg språk, legg Aspevoll til.

Ho får støtte av Jan-Christian Kolstø, som er kommunikasjonsrådgjevar for Venstre si stortingsgruppe. Han meiner ein bør byrje med Facebook, men at også Twitter er ein god arena, der mange parti og politikarar er representerte. Kolstø legg vekt på at den direkte dialogen i sosiale medium gir gode høve til å svare på spørsmål og innspel frå veljarane. Også han legg vekt på språket.

– Dersom ein ikkje klarar å uttrykkje seg slik at folk forstår kva ein meiner, og ikkje minst korleis ein har tenkt å løyse dei utfordringane som finst i valdistriktet,

slit eit parti grundig, meiner han og legg vekt på at politikarane må vurdere kva dei ynskjer å kommunisere, og korleis dei har tenkt å gjere det.

– Han eller ho bør tenkje seg om kven han eller ho skal kommunisere til, kva som skal kommuniserast, og korleis budskapen skal verte forma for å nå akkurat dei ein har bestemt seg for å kommunisere til. Når ein tar i bruk det som fagfolka kallar for omverdsanalyse og segmentering, vert kommunikasjonen meir målretta og effektiv.

BRUK LOKALAVISA

Rådgjevarane er samde i at det viktigaste er å bruke den lokale arenaen på ein god og effektiv måte.

– Det mest effektive her er nok å vere synlege i lokalavisa og i lokalmedia. Slik når ein flest grupper i sitt valdistrikt. Mange peiker på lokalavisa som den viktigaste kjelda folk hentar informasjon frå i forkant av val. Dette er også dokumentert i ei undersøking som Mediebedriftenes Landsforening har utført i samband med kommune- og fylkestingsvalet i 2007, seier Kolstø.

Aspevoll legg til at det er viktig å møte folk der dei er. Ho rår politikarane til å møte veljarane der dei er, på kjøpesenteret, i gata og på kafeen. Også Kolstø legg vekt på ein ikkje skal undervurdere det å møte folk ansikt til ansikt.

– Ein bør tidleg bestemme seg for saker og planleggje valkampaktivitetar. Lag ein plan for korleis ein kan nytte medlemmer og frivillige til å jobbe med merksemd om partiet sine hjertesaker. Det viktigaste er at ein er synleg. På gater og torg. Og ikkje minst i lokalmedia, seier han.

OPPTRE NATURLEG

Tommy Skar er Ap-politikar i Ås kommune og spesialrådgjevar i kommunikasjon. Også han meiner det viktigaste er å møte veljarane der dei er i kvardagen.

– Direkte kontakt ansikt til ansikt, bedriftsbesøk, sosiale medium og media er viktig, meiner han.

Han understrekar kor viktig det er at lokalpolitikarane brukar fleire kanalar og eit språk som er tilpassa målgruppa.

– At politikarane brukar eiga målform, handlar også om identitet. Ein politikar skal bruke eit enkelt og tydeleg språk i den målforma han brukar til dagleg. Partia må derimot ta ansvar for at det blir kommunisert på fleire målformer, slår Skar fast. Og ein valkamp kan ikkje byrje tidleg nok. – Valkampen bør gå føre seg heile tida; veljarane har også krav på å få kommunisere med politikarane utanom val og få vite kva politikarane gjer til dagleg. Eit viktig råd er å opptre naturleg i alle situasjonar, det er det einaste som gjer budskapen truverdig.



LYTT OG LÆR: Bente Kalsnes meiner mange politikarar burde bli flinkare til å lytte, lære og teste nye kommunikasjonsverktøy. (Foto: Privat).

– Må vere på nett

– Eg har problem med å tru at ein politikar utan ei eller anna form for blogg eller sosial nettverk-profil vil høyre på innspel frå veljarane, seier kommunikasjonsrådgjevar Bente Kalsnes.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Bente Kalsnes er kommunikasjonsrådgjevar i Origo.no. Ho meiner lokalpartia allereie no burde få på plass kva målsetjing

dei har, kva som er dei viktigaste sakene, kven dei skal nå, og kva kommunikasjonsverktøy dei bør bruke i valkampen. Og politikarane bør etablere seg på nett, for å kome i dialog med veljarane.

– For det er jo det sosiale medium med kommentarfelt handlar om, at ein kan gå i dialog. Når det er sagt, bør politikarane velje kva kanal eller plattform dei vil setje fokus på for å få størst gjennomslagskraft, sidan det truleg berre er dei største partiapparata som kan vere overalt.

– Kva bør dei starte med?

– Dei bør starte med ei lærevillig haldning. Lytt, lær og test ut dei nye, interaktive kommunikasjonsverktøya som

blogg, Twitter, Facebook, Flickr, Vimeo eller YouTube. Spør om råd, ver opne og fortel kvifor de ynskjer å bruke sosiale medium, er rådet frå Kalsnes.

Men ein må vere aktiv skal det ha nokon effekt.

– Dersom dei fullstendig neglisjerer innspel frå andre lesarar, ikkje les kommentarar eller svarar i kommentarfeltet, ser eg ikkje så stort poeng med å bruke sosiale medium for ein politikar, slår ho fast.

Må finne målgruppa

– Altfor få politikarar er flinke nok til å spisse bodskapen mot målgruppa, seier medieutviklar Trine Grung.

JUDITH SØRHHUS LITHEAMAR
judith@norsk-plan.no

Trine Grung skriv ein av landets mest lesne bloggar, i tillegg driv ho som medieutviklar og gir bedrifter og organisasjonar råd om korleis dei skal operere i sosiale medium. Ho legg ikkje skjul på at politikarar burde bli flinkare til å bruke kanalar som Facebook og Twitter.

Kva er det første ein lokalpolitikar bør starte med?

Facebook er vel det ein bør fokusere på først. Det er viktig å heve kunnskapen innanfor partiet om kva slags innlegg som fungerer, for her fell mange frå. Dei skjønar ikkje kva folk tykkjer er morosamt å lese om, og det blir fort kjedeleg og sjølvsgagt. Då har jobben i sosiale medium lita hensikt, meiner ho.

Trine Grung meiner at det viktigaste er å kartlegge kven målgruppa for bodskapen er.

– Dei må definere kven dei ynskjer å nå, og leggje til rette profilen etter det. Skal ein nå breitt ut, må ein ha ein folkeleg og lite politisk stil, i alle fall på Facebook, medan Twitter vert brukt til å nå

ei anna gruppe. Ikkje minst burde samtlege parti hatt sin eigen tv-kanal. YouTube er grei nok, men dei største partia i Norge burde satse på eigen distribusjon. Dette høyrer omfattande ut, men det er det ikkje.

SPISS BODSKAPEN

Ein lokalpolitikar som ynskjer å bruke sosiale medium, bør altså først finne ut kven som er målgruppa, kven han vil nå ut til. Deretter bør han byrje å tenkje på innhaldet han leverer.

Det er til dømes stor forskjell på om ein ynskjer å nå «folket» eller pressa. Altfor få er flinke til å spisse bodskapen mot målgruppa, slår Grung fast.

– Kva bør ein unngå?

– Kjedelege og sjølvsgagde oppdateringar. Slike fenger ingen, og dei blir fort kjedelege å fylgje.

– Men kvifor trur du så få lokalpolitikarar og lokale politiske parti er på Facebook og Twitter?

– Kunnskap. Dei anar ikkje kva og korleis dei skal fronte seg sjølv i desse media.

BY PÅ DEG SJØLV

Trine Grung meiner lokalpolitikaren bør våge å vere personleg, samstundes som han klarer å vere både underhaldande og profesjonell for å framstå som truverdig.

2,8 millionar nordmenn er på Facebook. Twitter veks kvar dag,



DELTA: Kjendisbloggar Trine Grung meiner politikarane må by på seg sjølv i sosiale medium. (Foto: Privat)

og på verdsbasis bloggar over 200 millionar menneske. Det er ikkje laga noko tal for kor mange det er i Noreg, men det talet veks òg kvar dag. Dei som ikkje ser nytten av sosiale medium, har ikkje skjont bruken av det. Enkelt og greit. Ei meir genial marknadsføringsplattform har eg aldri opplevd.

– Politikarane må delta og by på seg sjølv. For meg held det ikkje at ein politikar eg eventuelt fylgjer, berre snakkar om eigne ting. Han må også delta i samtalan og gi av seg sjølv. Då vinn ein i sosiale medium, meiner ho bestemt.



Britt Sofie Hestvik,

ansvarleg redaktør
Kommunal Rapport

PÅ KOMMUNEVIS

Kommunal skrivekunst

Det skal heite «gaten», ikkje «gata», meiner fleirtalet i Frogner bydelsutval i Oslo. Dei vil ha nye skilt, koste kva det koste vil.

Språk engasjerer i kvar kommune. Det vere seg nynorsk eller bokmål, større eller mindre saker om måten vi skriv på. Ein kan spørje om skrivemåten på gatenamn burde vere gjenstand for den lengste debatten i utvalet på Frogner? Især når språkforskarane har sagt at skilnadene minkar mellom talespråket i Oslo vest og øst. No seier Språkrådet attpåtill at vedtaket ikkje er gyldig, av di forslaget ikkje har vore på høyring. Saka skulle til slutt vore lagd fram for stadnamntenesta i Språkrådet, før vedtak i bydelen. Her har iveren gått over demokratiske omsyn.

For ei stund sidan fekk eg ei anna nyttig påminning om at språk er makt. Eg fekk omgåande positiv tilbakemelding på at eg ikkje hadde skrivefeil i ein søknad om plass til sonen min på same offentlege skule som dottera mi. Det var jo hyggeleg, men eg fekk ingen reaksjon på innhaldet i brevet. Ikkje først. Eg måtte berre vone at rettskrivinga ikkje tok merksemda frå det eg ville! Samstundes lurte eg på korleis ortografien var blant andre som skreiv til skulen, og korleis leiinga reagerte her.

Det er mykje dårleg orddeling og feil frå folk i kjappe tekstmeldingar og e-postar, i nokre søknader òg, men det burde i alle fall vore betre stelt med formidlinga i kommunen. Mest hadde kommunane tent på å føre eit enklare språk. Nokon fryktar det vil gå på presisjonsnivået laus, men det er liten vits i presisjon om ikkje mottakaren forstår samanhengen. Vi vil jo nå fram med det vi skriv.

I **Kommunal Rapport** har vi auka bruken av nynorsk dei siste par åra. Språkbruken bidreg til nærleik mellom lesaren og stoffet. Viktigare enn om vi skriv gaten eller gata, er likevel at vi skriv eit aktivt språk, som lesarane forstår og let seg engasjere gjennom. Nokon oppnår lettare dette med bruk av nynorsk.

Forfattar Carl Frode Tiller har nett gjeve ut ny roman på nynorsk. Han, som hadde bokmål som hovudmål på skulen. Han trong å skape avstand til det gamle og stivna for å skrive friskt og nytt og leikent, som han nett sa til Magasinet i Dagbladet. Han er eit godt døme å strekke seg etter.

Da eg jobba i NTB, måtte vi gjennom ein språktest. Det er ikkje så vanleg i norske kommunar. Fokuset på språk bør uansett vere sterkt. Som ein rådmann eg akkurat intervjuar, sa, er evna til å kommunisere den viktigaste eigenskapen ein kan ha i ei slik stilling. Det gjev tillit og godt omdøme – eller omvendt.

I Frankrike hyrar toppsjefar skriveleiarar utan at nokon får vite det, las eg i Dagens Næringsliv nyleg. Rettskriving kan vere krevjande anten det er fransk eller norsk, men kommunespråket må vere effektivt og godt.

Det ligg uendeleg mykje makt i lange saksutgreiingar. Det fins saksframlegg som knapt nokon forstår. Det er eit kjent problem at administrasjonen utviklar eit ekspertspråk som gjer at folkevalde kan kjenne seg dumme. Det er ikkje alltid like greitt å spørje, sjølv om ein sjølvsgagt burde gjere det. Ekspertspråket var ein føresetnad for dei katastrofale investeringane i Terra-saka.

Han fekk skuleplassen, sonen min. Tida får vise kor framtidsretta dei språklege prioriteringane til Frogner-politikarane var.

– Bruk avisa

Politikarane må først og fremst ha eit spanande og tydeleg program, seier Rune Hetland i LLA.

Rune Hetland er generalsekretær i Landslaget for lokalaviser, LLA, og har jobba tett med lokalavisene gjennom fleire valkampar. Han meiner at lokalavisa er den klart viktigaste arenaen for den lokalpolitiske valkampen. Hetland legg vekt på at dialogen mellom avisredaksjonane og lokalpolitikarane er viktig. Han meiner politikarane må våge å stå for noko, slik at det er tydelege skilnader mellom dei forskjellige partia. Då blir det òg interessant for lokalavisa og ikkje minst for veljarane

– Politikarane må ha ein bodskap til innbyggjarane. Dei må svare på kvifor dei har den beste politikken, og våge å ha ein tydeleg bodskap.

Då vil det vere interessant for lokalavisene å lage reportasjar og ikkje minst ta inn innlegg frå politikarane, både i papiravisa og på nett, slår han fast.

Han meiner vidare at politikarane bør ta kontakt med avisene for å kome med innspel til valdekninga.

– I kommunevalet i 2011 vil lokalavisene ha eit ekstra fokus på ungdom, både som veljarar og ikkje minst som potensielle kandidatar til kommunepolitikken, seier Hetland.

– for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

**NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!**

FEM OM VALKAMP

Korleis bør politikarane kommunisere i valkampen?

Kva kanalar bør dei bruke for å nå folk?



Eivind Vindheim,
32 år, ingeniør,
Fana

Dei må satse på saker som engasjerer. Eg trur lokalavisene er den beste måten å nå folk på ved kommuneval. For å nå dei unge veljarane bør politikarane satse på kanalar som Facebook og Twitter.



Birgit Tellefsen,
81 år, pensjonist,
Fana

Politikarane må vise seg. Det er lettare å hugse andleta enn namna deira. Eg følgjer valkampen på fjernsyn.



Anna Mathisen,
52 år, finansråd-
gjevar, Fana

Politikarane må bruke eit enklare og meir direkte språk. Dei snakkar meir ullent no enn dei gjorde før i tida, det er ofte for vanskeleg å få tak på kva politikarane vil. Radio, fjernsyn og aviser er dei viktigaste kanalane for meg i valkampen.



Inga Lindstrøm,
43 år, arkitekt,
Bergen


Politikarane må vere engasjerte, då blir folk engasjerte. Eg høyrer mest på radio.



Trond Sundt, 36 år,
produktdesignar,
Bergen

Politikarane må vere ute blant folk. Dei bør også bruke Facebook. Eigne spalter i avisene, der politikarane baud på seg sjølve, hadde vore bra. Dei må dessutan halde valløfta sine, så vi kan stemme på dei igjen ved neste val.

Tekst og foto: Ingrid Hillestad, bladstova@lnk.no



Ein god gjest gjer husbonden glad

Ivar Aasen

Ivar Aasen
Norske Ordsprog, 1881



Møteplassen i Oslo

Skal du til Oslo, treff du kjentfolk på Bondeheimen og Kaffistova. Alle tilsette i LNK-kommunane (privat- og tenestereiser) bur på egne, gode prisar heile året.

Enkeltrom 970,-
Dobbeltrum 1110,-

Gratis breiband, nyoppussa, høg komfort og standard,
norsk tradisjonsmat og uformell atmosfære for alt slags folk!
Nær Karl Johan og regjeringskvartalet og alt Oslo har å by på!

Best Western

Hotell Bondeheimen® & Kaffistova®



Rosenkrantz'gate 8, 0159 Oslo ~ Tlf: +47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com ~ www.bondeheimen.com

SITATET:

– De egentlige beslutningene løftes ut av kommunestyrene og inni egne styrer, og det blir en tung materie å styre for oss som politikere.

Ordfører på Stord, Liv Kari Eskeland,
til NRK Hordaland om interkommunalt samarbeid

Aasheim ny direktør



NY JOBB: Anne Aasheim (48) har brei erfaring frå media, no blir ho den første kvinnelege direktøren i Kulturrådet. (Foto: Wenche Nybo/Kulturdepartementet)

Anne Aasheim (48) er tilsett som ny direktør i Norsk kulturråd.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Aasheim har tidlegare vore redaktør i Dagbladet og distrikt- og nyhendere-daktør i NRK.

– Anne Aasheim er den beste me kunne fått i denne jobben. Ho har brei erfaring med å jobbe i store organisasjonar og leie omfattande omorganiseringar. Ikkje minst har ho solid innsikt i norsk kulturliv, seier statsråd Anniken Huitfeldt (Ap) i ei pressemelding.

Aasheim skal byrje i jobben så snart som mogleg og meiner statsbudsjetten var avgjerande for at ho takka ja.

– Kulturrådet vil møte store organisatoriske utfordringar, og eg ynskjer å leggje til rette for dei dyktige fagfolka på best mogleg måte. Endringane statsråden varsla i budsjettet, gav svara eg trong for å takke ja til jobben, seier ho. På pressekonferansen der Aasheim vart presentert, kom det også fram at den tidlegare Dagbladet-redaktøren ikkje var på søkjarlista som vart gjort offentleg i sommar. Aasheim søkte derimot dagen før ho fekk jobben. Anne Aasheim blir den første kvinnelege direktøren i Kulturrådet.

Det vil bli store endringar i Norsk kulturråd framover. Ikkje minst er det framlegg om å leggje ABMU sine arkiv og museumsoppgåver til Kulturrådet. Då vil administrasjonen bli dobla frå 50 til 90 personar.

ABC
Startsida®
- Ver nynorsk på nett


Din naturlege
start på
internett

www.startsida.no

MOT TIL Å MEINA

57 prosent av dei unge under 26 år meiner dei ikkje blir høyrte og ikkje får vera med bestemma.*

ER DET PÅSS
TIL UNGE
UNDER 26 ÅR I
FORMANNSKAPET
DITT?



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Målet er å auka det politiske engasjement blant unge og stimulera til å få fleire unge med i folkevald arbeid og ved valurnene.

Sjå garborg.no og magasinett.no

* Nasjonal kartlegging av unge under 26 år

I vinden

Magni Øvrebotten (56) har aldri blitt skulda for å vere konfliktsky. Heller ikkje når det stormar som verst.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR

judith@norsk-plan.no

Det er fire dagar etter at Magni Øvrebotten trekte seg frå styret i Språkrådet på grunn av misnøye med at professor Kjell Lars Berge ikkje vert språkdirektør. Same dagen går Rune Indrøy i TV 2 ut i Dagens Næringsliv og kritiserer kursverksemda innan medietrening som Nynorsk Mediesenter driv.

Det stormar med andre ord rundt Magni Øvrebotten. – Ja, det kjem vél med at eg har vore ute ei haustnatt før. Men det er travelt og gjer det verre å rekke over alt eg skulle og burde ha gjort. Likevel er det slik at når ein står for det ein står for, så er ståket greitt å forsvare

– *Korleis er det å vere på toppane når det bles?*

– Eg vil ikkje kalle dette å vere på toppane. Dei som er der, har eit heilt anna press, dag ut og dag inn. Eg er imponert over folk som orkar det, til dømes politikarar.

Magni Øvrebotten voks opp som ein forviten liten unge i Botnane, på kysten av Sogn og Fjordane. Ein plass der folk både var debattglade og direkte.

– Ein vert prega av den naturen og folkelynnnet ein veks opp med, det er eg overtydd om, seier ho.

Framtidsplanane vart lagde tidleg, ho var nemleg ikkje meir enn åtte år då ho bestemte seg for å bli journalist. Då ho vart litt eldre, skreiv ho brev til journalishøgskulen og høyrde om det lét seg gjere å bli journalist sjølv om ho ikkje kunne rekne.

– Eg fekk svar frå rektor, og då eg skulle byrje på journalishøgskulen i 1976, tok han i mot og sa: «Der er du, endeleg.» Det var pinleg.

Det var også som barn at engasjementet for språk og nynorsk vart skapt. Besta Magna sine forteljingar om korleis det var å lære dansk i skulen, forma språksynet til Magni. Bestemora var fødd i 1900 og takka nei då faren ville sende henne på lærarskulen, fordi ho tykte ho ikkje skreiv godt nok.

– Ho skreiv slik ho snakka, formulerte seg godt, men var ei smålåten kvinne. Det siste tok eg ikkje med meg, men elles forma ho mange av grunnhaldningane mine mykje. Som til dømes målkvinna, fråhaldskvinna og at eg er så stolt av røtene mine.

Som 17-åring vart ho sommarvikar i Gula Tidend. I attesten frå redaktør Per Håland sto det: «Magni var ikkje med og fann opp krutet, men ho stod farleg nær då det small». Seinare vart det arbeid i Bergens Arbeiderblad og Firda før ho kom til Nationen. Her vart ho faktisk truga med oppseiing – på grunn av nynorsken.

– Nyhenderedaktøren likte ikkje at sjefredaktøren hadde tilsett ein nynorsking og endåtil lova meg at eg skulle få skrive nynorsk. Trur ikkje han likte kvinnelege journalistar heller, i alle høve ikkje typar som meinte noko. Me var to damer nyhenderedaktøren ville ha vekk, Anette Groth og meg. Eg slutta for å byrje på journalishøgskulen, ho i NRK. Me har no klart oss bra, begge to.

Hausten 1980 byrja Magni i NRK, og der vart ho verande.

– *Kva meiner du om riksavisene som framleis ikkje opnar opp for nynorsk?*

– Eg synest det er ei skam. Dei talar vent om ytringsfridomen i Kina, men når han skal praktisere i eigen redaksjon, er det mange som fell for eigne fordommar. Dei innbillar seg at lesarane skal reagere, men eg trur det er større vidsyn hjå lesarane enn hjå mange redaktørar. Elles brukar media å ville gå føre, brøyte veg for prinsippa og ta opp kampen mot fordommane, men ikkje når det gjeld nynorsk. Det sluttar aldri å undre meg.

Fire styremedlemmer i Språkrådet trekte seg i protest då kulturminister Anniken Huitfeldt (Ap) ikkje ville bruke styret sitt råd om kven som skulle bli ny direktør. Seinare har også tidlegare direktør Sylfest Lomheim vore ute og sagt seg lei for at så mange styremedlemmer har trekt seg. Ein av dei som gjekk, var styreleiar Magni Øvrebotten.

– Det var ikkje anna å gjere når statsråden ikkje ville tilsetje ein av dei fagleg best kvalifiserte i heile landet til denne stillinga. Styret hadde arbeidd seriøst og skikkeleg med saka og trudde me var av dei som kjende Språkrådet sine behov best. Me har visst heile tida at statsråden hadde siste ordet, og at me berre skulle gi ei fråsegn. Men når det ikkje betyr noko som helst at styret meiner det same i to samrøystes fråsegner, så var konklusjonen enkel for min del.

Ho legg ikkje skjul på at ho meiner handteringa av saka er respektlaus overfor søkjarane, særleg for han som vart beden om å søkje, og eit styre som har sete mest eit år på overtid for å gi råd om ny språkdirektør.

– Eg trur dei fleste av oss har hatt rikeleg med anna me kunne brukt tida vår på dette året

– *Korleis trur du det påverkar arbeidet i Språkrådet at så mange styremedlemmer gjekk av?*

– Det vil eg ikkje spekulere i. Eg ynskjer Språkrådet alt godt. Kanskje kan avgangen vår medføre at det vert ei anna ansvarsfordeling mellom styret og departementet i framtida. Elles skjønar eg ikkje vitsen med eit eige styre. Då kan departementet styre Språkrådet direkte, med ein direktør og eit sekretariat, slår ho fast.

Ikkje vil ho spekulere i kven som blir ny språkdirektør, heller. Men ein ting er ho overtydd om; at språkdirektøren treng språkfagleg tyngde for å ha respekt

– Det trengst også eit menneske som kan halde språkdebatten levande og syte for at den ambisiøse språkmeldinga vert følgt opp. Eg meiner me hadde funne den beste kandidaten til det, men statsråden var ikkje samd med oss i dette.

Ho har aldri vore skulda for å vere konfliktsky, ein eigenskap som har kome godt med den siste tida. I staden lever ho kanskje litt etter Einar Førde sin

påstand om at «konfliktar er av det gode om ein vil ha noko gjort»

– Når eg er overtydd om noko, så kjempar eg så lenge det er håp, og kanskje litt lenger. Då me kjempa for å behalde NRK Sogn og Fjordane som sjølvstendig distriktskontor i 2002, trudde eg ikkje at det skulle lukkast. Men takka vere stort folkeleg og politisk engasjement hjå mange overlevde kontoret og Nynorsk mediesenter vart ein realitet.

Og det stoppa ikkje med rotet i Språkrådet. I tillegg gjekk Rune Indrøy ut i Dagens Næringsliv og kritiserte medietreningskurset til Nynorsk mediesenter. Han meinte det var ei reint kommersiell verksemd, og stilte spørsmål om korleis NRK kunne kaste vrak på redaksjonelle prinsipp. – Den debatten kjem med ujamne mellomrom. Det nye no er at intervjupersonane vert samanlikna med kriminelle i Dagens Næringsliv. Eg har ikkje det synet på folk, men meiner at me mediefolk tek altfor lett vint på den medieangsten som er i samfunnet. Han gir mange utslag. Han hemmar mange, særleg kvinner, frå å yte sitt beste når livet, jobben eller vervet deira krev at dei stiller opp i media. Dei fleste er samde om at det er eit særst lite utval av folket her i landet som går lysløypene i radio og fjernsynsstudio, og målet vårt er å auke tilfanget av folk og få med fleire dialekt- og nynorskbruka-





(Foto: Randi Indrebø/NRK)

rar. Det er eit demokratisk problem at så få deltek i den samfunnsdebatten som føregår i media.

Ho legg vekt på at kursverksemda er å re-
kne som idealisme og i den vesle nisjen
«nynorsk og media».

– Me driv ikkje medierådgjeving. Det nyttar ikkje å kome til oss for å lære seg bortforklaringar, gøy-
meleik med media eller oppskrifter på skitpakkar
om konkurrentar. Me vert heller ikkje spurde om
det, trur folk skjønar kva NRK kan og ikkje kan
gjere.

Magni er direkte. Ho legg ikkje skjul på kva ho
meiner, eller kva ho meiner er rett. Det kan sjå ut
som at engasjementet aldri tek slutt.

– Eg må ha noko å brenne for, elles blir livet
kjedeleg, men eg vert meir sliten no enn før. Det
er ikkje sant at «kreftene minkar og sinnet veks»,
men det er ikkje omvendt heller, diverre, seier ho
som har ein spesiell lidenskap for journalistikken,
dialektane, nynorsken og NRK. Ikkje minst for
Nynorsk mediesenter.

– Det er eit privilegium å få vere med på å byg-
ge opp noko heilt nytt når du er ei 50 år gamal
dame. Det fekk eg, og det er ikkje sjølsagt. Den
sjansen prøver eg å ta vel vare på.

Til no har mediesenteret sendt frå seg 60 ny-
norskpraktikantar. I dag arbeider 75 prosent av

dei i media. Frå 2007 til 2009 sende medieutdan-
ningane i Bodø, Volda, Kristiansand, Stavanger
og Oslo frå seg 621 journalistar, berre 51 av dei
brukte nynorsk. Det utgjør 8 prosent. I same
tidsrommet sende NRK Nynorsk mediesenter frå
seg 30 nynorskbrukande journalistar

– Mi viktigaste oppgåve er å plukke ut kven som
skal bli nynorskpraktikantar, sluse dei inn i dei re-
daksjonane dei eignar seg for, og gi råd om vegen
vidare. Nokre får beskjed om at dette ikkje er eit
yrke for dei. Det verste ein kan gjere mot folk,
er å la dei bli i eit yrke dei ikkje fiksar. Omdømet
vårt er dessutan avhengig av at det er dyktige
journalisteme me sender frå oss til redaksjonane.

Magni Øvrebotten kallar seg yrkesskadd.
Det tok henne fleire år å leggje av seg
lytteplikta til alle sendingane frå NRK
Sogn og Fjordane, etter nitten år som leiar der.

– Eg kjenner meg ikkje påkledd om eg tørnar ut
utan å ha fått med meg lokal-, riks - og utan-
riksnyhende om morgonen. Radio og havregryns-
graut er ein god start på dagen. Det er flott å
kunne halde seg oppdatert via mobilen, men eg
arbeider med å legge av meg å vere avhengig av
den. Alle som byrjar som nynorskpraktikantar,
får i dag beskjed om at det må bli ein vane å fylgje
med. Elles har dei ingenting i journalistyrket å
gjere.

SJØLVMELDING

Namn: Magni Øvrebotten

Alder: 56

Bur: Naustdal i Sunnfjord

Sivil status: Har vore gift med den
same telemarkingen i 32 år. To barn;
ei dotter på 29 år og ein son på 26
år. Begge har satsa på helsevesenet.
Mormor til to.

Aktuell: Gjeck nett av som funge-
rande styreleiar for Språkrådet som ein
reaksjon på prosessen kring tilsetjing
av ny språkdirektør.

Les: Altetande, men særleg glad i
biografar.

Høyrer på: Nyhende- og debatt-
program.

Førebilete: Folk som står for noko.

Gøym ikkje bort dei gode HMS-idéane

men;

Meld deg på KLPs Arbeidsmiljøpris 2010 og kampen om 100 000 kroner. KLP ønskjer å vise fram dei gode HMS-idéane som kan inspirere og vere til nytte for andre. Difor deler vi kvart år ut tre prisar på 100 000 kroner. Vi premierer dei beste prosjekta for betre arbeidsmiljø innan helseforetak, kommunar og bedrifter.

Har du vore med på eit godt prosjekt?
Gå inn på www.klp.no/arbeidsmiljopris
Det er enkelt å delta, meld deg på i dag!

klp
for dagane som kjem

Fem vil bli Årets nynorskkommune

Fem kommunar har søkt om å få bli Årets nynorskkommune.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Me i KRD hadde håpa at fleire kommunar engasjerte seg, men juryen er nøgd med å ha fått fem gode søknader. Juryen skal kåre ein vinnar innan nokre veker. Nynorskprisen vert delt ut under Falturiltu-festivalen 12. november, og dette skjer i kommunen som fekk nynorskprisen i fjor, Stord, seier statssekretær Dag-Henrik Sandbakken i Kommunal- og regionaldepartementet. Dei som har søkt, er Nissedal, Vågå, Seljord, Sund og Voss.

MANGE KVIR SEG

Styreleiar i LNK, Jan Magne Dahle, har forståing for at ein i travle kommunar ikkje alltid får følgt opp invitasjonar av denne typen.

– Kanskje kvir somme administrasjonar seg for å føreslå sin eigen kommune, seier Dahle.

– Det vanlege i slike høve er som regel at nokon utanfrå har lagt merke til kva som blir gjort i kommunen, og kjem med framlegg om tildeling av utmerkinga. Mange kommunar veit at alt ikkje er som det bør vere når det gjeld satsing på godt og klårt språk. Dei vil gjerne gjere noko med det og utset å søkje til seinare.

BØR SATSE PÅ SPRÅK

Samstundes er styreleiaren klar på at språkarbeid ikkje er noko kommunane bør ta lett på.

Skal styrkje nynorsk journalistikk

No etterlyser Nynorsk kultursentrum gode tiltak som kan styrkje journalistikk på nynorsk og føre til fleire nynorskbrukande journalistar.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Vinjefondet skal i år dele ut om lag 800 000 kroner til nynorsktiltak i pressa, og Nynorsk kultursentrum har fått i oppgave å avgjere kven som skal få midlane.

– Vinjefondet skal gjere det lettare å vere nynorskbrukar, arbeide for å gjere nynorsk til eit sjølvstøtt språk i alle typar medium og stimulere utgivarar og redaktørar til å engasjere og tilsetje fleire nynorskbrukarar i dei ulike media, seier administrasjonssjef i Nynorsk kultursentrum, Magni Hjertenæs Flyum, til Vikebladet.

Interessante tiltak kan til dømes vere praktikantordningar, praksisplassar, språklege tiltak og etterutdanning.

– Det er viktig at tiltaka det blir søkt om midlar til, er handlingsretta, at dei når mange lesarar, lyttarar eller sjåarar, og det må gjerne vere i eit medium eller ein sjanger der nynorsk i dag er lite brukt, seier Hjertenæs Flyum, som også er leiar i fagrådet for Vinjefondet.

Med seg i fagrådet har ho Tomas Bruvik (Kvinnheringen), Aagot Opheim (Adresseavisen), Lars Arve Røssland (Universitetet i Bergen) og Sverre Liestøl (Høgskulen i Volda).



Magni Hjertenæs
Flyum (Foto: Ivar
Aasen-tunet)

– Arbeid med språk bør vere ein svært viktig del av kvalitetssikringsarbeidet i alle kommunar. Kommunane bør oppvurdere dette arbeidet, og det bør vere like naturleg å gje tilsette tilbod om vedlikehald og påfyll av kunnskapar på dette området som på dei reint faglege områda, seier han.

– Dersom ein ønskjer kvalitet i kommunal forvaltning og tenesteproduksjon, kjem ein ikkje utanom å satse på kvalitet også i språkbruken.

– Kvar einskild av medlemskommunane våre bør peike ut ein eller fleire kvalifiserte personar som kan følgje med på informasjonsproduksjonen og komme med framlegg om rutinar og tiltak som kan auke kvaliteten på språkbruken, meiner Dahle. Desse personane kan også få i oppgave å svare på invitasjonar om å bli Årets nynorskkommune.



Dag-Henrik Sandbakken. (Foto: Nancy Bundt.)

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag



24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

Sunnhordland

* I snitt pr. veke **Gallup 1/2007

er kommuner i
situasjon at for å
nye ting, må ta
na. Dette skriv r
re kommuner
apsrapporter
Han peikar på at
ske analyse
ner at pressen
de tenestene
vesteringsniv
n fører til at
amt, og prior
Sveio komm
ert mykje. De
nskeleg å legg
ester eller a
(te)
nanfor dei ram
er tildelt utan
era vekk andre
rapporten. E
n rapporten
grunn til uro
for halda fram
ett i gang
rtan og følg
erlegare tilt
Mellom dei
p til, er ein
alle teneste
på å få fram
nsial. I dette
ra retta seg
ingar som
neskapsutvi
n vil og kart
på eininga
la
uka omstill
a sjå til at
rdning av le
ysing av des
erne delega
gjennomgaa
odell for til
sar til skul
beidet med
ministrativ
på å frigje
da fram.
Det går vid
apira at det
ed sjølvstyr
ei
nsippet er a
g resultatet
annen er kom
ge, men den
n totalt sett
ne
krev enno
stokkar
iplin.
Tala for f
erforbruk
erforbruk
llionar kroner.
R
barnehage
uk på 3,1
ma opp i 3,7
so
gjort kom
område he
ner overfor
er og vil k
som det
dringar. P
atteinnkom
ste halvår.
reskøyta «
i Foldroy
04, men er
no ikkje f
ss kommun
ellom ann
0.000 kron
Saka har v
mmunen e
vart vurd
ner. Eigare
vedtaket,
nde difor
innen i vin
Dei
ne månader
Be
ne fekk til
ne saka er
n klageinst
av
a sjølv kan
dette med d

Den underfundige nynorsken

Nynorsk er ikkje berre eit skriftspråk. Det er ikkje noko fast, heller ikkje noko laust. På Nynorske litteraturdagar er mangfaldet det viktigaste bidraget til å avdekkje nynorsken sine mange andlet.

INGRID HILLESTAD
bladstova@nkl.no

Forfatterdebutant Signe Olaus Pedersen (50) frå Aurland har teke plass ved eit trebeisa bord. Kledd i lilla fargar sit ho tilbakelent på stolen og ventar tålmodig. Føtene vippar opp og ned, litt urolig. Hendene strekkjer seg forsiktig mot kaffikoppen. Ho slurpar, og hostar litt. Dagen i dag er ikkje nokon heilt vanleg dag for Signe Olaus. I dag skal ho vise seg fram, kle seg naken og blottleggje sjela si. Det heile er nytt, tenkjer ho. Det er meir ein fjern draum enn ein realitet.

Likevel sit ho der saman med Åse Bjørnstad og Lena Skjerdal. Dei har ulike yrke, men alle har valt å gå eigne vegar. Signe Olaus har debutert med ei lettlest-barnebok som handlar om det å forelske seg, og har for første gong i livet sitt vore nøydd til å skrive autografer. Åse har jobba med kunst som uttrykksform heile livet og blei så inspirert av Nynorske litteraturdagar at ho måla Nynorsk det fargerike språket i fjor.

I år er ho tilbake att med utstillingar. Lena song nærast før ho kunne snakke, og med røter frå kommunen er ho på visitt for å syngje på klingande sognamaol under festivalen. Snart skal dei skal alle i elden, verte bokbada framfor betalande publikummarar på arrangementet. Ein mann tre damer tre uttrykksformer”.

FÅ LETTLESNE NYNORSKBØKER

Boka Signe Olaus i år debuterer med, Sprett i håret, sug i magen, er ei lettlestbok for born i alderen ni til tolv år. At det vart ei lettlestbok når ho først skulle skrive



FEMTI-FEMTI: Frode Grytten feira i år feira i år femti år og boka 50/50. Han hadde leigd inn Flåms store son, Finn Tokvam til å bokbada han under Nynorske litteraturdagar. (Foto: Ingrid Hillestad.)

barnebok, var ikkje tilfeldig for Signe Olaus. Ho har vore lærar på barneskulen i fleire år og ville gje born som slit med å lese, eit alternativ.

– Når eg skulle leite opp litteratur som klassen min kunne lese, fann eg så altfor lite lettlest-barnebøker på nynorsk. Det tykte eg var forferdeleg trist. Eg fann fleire på bokmål, men for dei som strevar med lesinga, er det vanskeleg å plutsleg skulle lære seg atter nokre nye ord og det på eit heilt anna skriftspråk enn dei er vande med, seier ho.

– Så eg bestemte meg for å gjere noko med det, seier Signe Olaus, og ein trillande latter flyt ut av den lepestiftfarga munnen.

– Eg håpar det kan hjelpe born med å kome over leseknika, seier ho.

SJÅ NYNORSKEN I ALT

I år valde arrangørane av festivalen å bringe dei tre kvinnene saman i eit arrangement

som handla om å ta eigne vegval. Med dette nytta dei samtidig høvet til å vise kva nynorske litteraturdagar står for, nemleg breidde og mangfald, nærare forklart det at nynorsk ikkje nødvendigvis treng ha form av ei bok skriven på skriftspråket, men kan ha fleire moglege former. Slik kan ein lære seg å sjå nynorsken i så mykje meir enn berre det som er skrive.

Som prosjektleiar for arrangementet, Arve Tokvam, forklarar, skildrar slagorda for festivalen, raus, levande og folkeleg, utgangspunktet for festivalen på ein trefande måte.

– Nynorske litteraturdagar er mykje meir enn ein litteraturfestival. Nynorsken vert levandegjort ved at forfattarar les frå bøkene sine og vert bokbada. Raus vert festivalen gjennom at fleire, både forfatarar, komikarar og musikarar, byr på seg sjølv til andre, men også ved at festivalen kan by på rause opplevingar.

Folkeleg er han ved at vi har fokusert på at han ikkje berre skal vere ein litteraturfestival, men også ein arena som skal gje breidde til folket, gjennom eit program samansett av ulike kulturopplevingar som kan appellere til mange, seier Tokvam.

KUNST = NYNORSK?

Det er mange likskapstrekk mellom dei tre kvinnene som vart bokbada på den siste festivaldagen. Dei har alle ei sterk tilknytning til Aurland kommune, identiteten deira er sterkt knytt opp til nynorsken, og dei brukar alle dialekt og nynorsk i kunstformene sine, men på ulike måtar.

– Eg vil seie at eg målar på nynorsk. Sidan nynorsk er ein stor del av meg, vil det alltid vere det språket eg vel. Likevel er kunst internasjonal, og nokon frå eit anna land vil betrakte måleriet med heilt andre språkaug, seier Bjørnstad, som pustar ut og tek ein pause før ho held fram.

– Når du, Signe Olaus, hadde høgtlesing i stad, såg eg mange fargar i rommet. Det meiner eg kan forklarast ved at nynorsken er eit levande språk. Dialekt er også svært viktig for musikaren Lena Skjerdal, men det er først no at ho verkeleg har byrja å fokusere på nynorsk og dialekt i musikken sin. Ho har ikkje møtt motstand ved at ho valde å halde på dialekten og nynorsken, heller tvert i mot, at folk rosar ho og skryt uhemma av sognedialekten hennar.

LEVDE DRAUMEN

Signe Olaus har vore med på det meste som litteraturdagane dette året har hatt å tilby, før ho sjølv vart bokbada.

Ho er glad ho vågde. Slik som med boka. Hadde ho ikkje tort no, kunne forfatterdraumen aldri blitt noko meir enn nettopp ein draum. I og med at boka var ei av dei siste som Samlaget gav ut i Kometserien i år, fekk ho ein ypparleg sjanse til å vise seg fram på Nynorske litteraturdagar.

5-åring håpar på langt liv

Fem år har gått sidan dei fyrste Nynorske litteraturdagar vart arrangert. Prosjektleiar Arve Tokvam håpar festivalen i alle fall rekk å verte ti.

Jubilanten har opplevd oppturar og nedturar sidan han såg fyrste dagslyset i 2006, og prosjektleiar Tokvam kan innrømme at det ikkje alltid har vore like enkelt å vere med på å gje liv til eit nytt kulturtiltak i ein liten kommune som Aurland. Det som byrja med eit initiativ frå den litteratur- og kulturinteresserte ordføraren, Olav J. Ellingsen, og den tidlegare assisterande rådmannen, Claus Røynesdal, har blitt ein suksessrik femåring som har gjeve mange attraktive kulturtilbod i løpet av si relativt korte levetid.

JAMNARE VITJINGSTAL

No håpar Tokvam verkeleg at festivalen har klart å syne seg frå den riktige sida; nemleg som ein festival der ulike uttrykksformar smeltar saman, utfyller kvarandre og formar ein heilskap med språk, litteratur, kunst og musikk.

– Totalt sett har litteraturdagane i år gått knirkefritt for seg. Vi har ikkje hatt stappfulle arrangement, men jamnare vitjingstal enn i fjor, og vi har berre fått positive tilbakemeldingar frå forlag, publikum og forfatarar. Så vi er sjølvsagt kjempenøgde med utfallet av festivalen dette året, seier Tokvam. Vitjingstala for



dei einskilte arrangementa og for heile festivalen er enno ikkje klare, men Tokvam meiner at økonomien foreløpig ser bra ut.

STORT YNSKJE

I år som aldri før har festivalen verkeleg satsa på mangfald. Fire unge kunstnarar har halde utstillinga ”Arven etter Vinjum” i galleri Vinjum i samband med festivalen, og barnearrangementet der små kokkar kunne få utforske matlagingskunsten, drog fleire små og store enn tidlegare. Og sjølv om det skal mykje til for å toppe knallsuksessen sist år, meiner Tokvam at han har grunn til å sjå seg endå litt meir nøgd med 2010-versjonen av litteraturdagane.

– Det var ein heilt annan kvalitet over programmet i år, meiner han.

No sit Tokvam att med eitt stort ynskje. Det går ut på at Nynorske litteraturdagar skal leve i alle fall fem år til. Per i dag er det Norsk Kulturråd, Aurland kommune og fylkeskommunen som gjev tilskot til festivalen, medan Aurland sparebank er hovudsponsor, men Tokvam vil gjerne ha fleire med på laget.

– Me er avhengige av at kommunen og andre støttespelarar er med på å støtte oss vidare, seier han.

Frå nederlandsk til nynorsk

For knappe fire år sidan kom det nederlandske ekteparet Roskam til Ytre Sogn. Det tok ikkje lang tid før dei vart lokka med på Nynorske litteraturdagar.

– Eg spurte dei i fjor òg, men då hadde dei ikkje tid, seier Oddbjørg Stølen og hikstar ein hes latter medan ho ser på veninna i sofaen attmed seg.

– No vart vi endeleg med, og vi har verkeleg storkost oss med bøkene, kulturen og sceneshowet, repliserer nederlandske Yvonne Roskam. Oddbjørg og Yvonne vart kjende med kvarandre då dei byrja å arbeide i lag, ei lita stund etter at ekteparet Roskam først kom til Sogn. No er dei vortne gode venninner, og latteren sit laust i veggane. Saman har dei teke turen for å få med seg jubileumsåret for nynorske litteraturdagar. – Det er verkeleg eit flott arrangement, med eitt breitt kulturtil-

bod, seier Yvonne og ektemannen Cornelius.

FORSTOD KOMIKAREN

Sjølv om ekteparet frå Nederland byrjar å få taket på språket etter fire år i landet, får dei ikkje alltid med seg alt om det går fort for seg på dialekt. Men då humorkongen frå Fjordane, Roy Aron Myklebust, stod på scena, forstod dei nærast absolutt alt. Frå sofaen i lokalet der Myklebust hausta enorme latterkuler og trampeklapp, kan gjengen frå ytre Sogn skimte helten sjølv, der han står og ryddar opp etter showet.

– Vi må berre ta bilete av han med ein gong. Han var jo heilt genial, fniser nederlandske Yvonne Roskam og peiker på komikaren. Komikaren avslår ikkje fotoførspurnaden, og saman får dei foreviga seg med komikaren dei verkeleg forstod seg på.

OMSETJING:

Dagleg leiar
i Hei Verden,
Kari Vestbø,
båpar eldsjeler
i nynorsk-
miljøet kan
vere med på
å omsetje un-
dervisnings-
materiellet til
nynorsk. (Foto:
Hei Verden).



Startar nynorskstafett

Bistandsorganisasjonen Hei Verden tilbyr undervisningsmaterieil til bruk i grunnskulen. No ynskjer dei å omsetje materiellet til nynorsk.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Bistands- og informasjonsorganisasjonen Hei Verden vart starta i 1973, då under namnet Skolenes U-landsaksjon. Føremålet med organisasjonen er å gi elevar i Noreg høve til å hjelpe born i andre land. Me har som mål at norske elevar skal få kunnskap om globale skilnadar og urettvis fordeling, seier dagleg leiar Kari Vestbø. Om lag 100 skular har kvart år innsamlingsaksjon til inntekt for Hei Verden sitt arbeid. Pengane dei samlar inn, går til utdanning og til å betre levkåra for born i Peru, Laos, Brasil og Zambia.

LITE RESSURSAR

Med støtte frå Norad har Hei Verden utvikla eit undervisningsmaterieil for grunnskulen. Det er dette materiellet organisasjonen no ynskjer å omsetje til nynorsk.

Det er viktig at alle born får undervisningsmaterieil på eige språk. Det ser me jo tydeleg i prosjekta våre, til dømes i Peru, der quicha-indianarborn kjem på skulen første skuledag og ikkje forstår eit ord av kva læraren seier, fordi all undervisning går føre seg på spansk. Sjølv om utfordringane for born i Noreg ikkje er dei same som for indianarane i Peru, er språk knytt til identitet også her i landet. Det er difor viktig at alle born får undervisningsmaterieil på sitt eige språk, seier Vestbø og viser til at nynorskskular som ynskjer å bruke materiellet, i dag må bruke mykje tid og krefter på å omsetje stoffet.

– Men kvifor har ikkje materiellet kome på nynorsk tidlegare?

– Organisasjonen er liten, med berre fire tilsette, så dette har vore eit spørsmål om kapasitet og ressursar. No ser me likevel ei løysing på dette. Det er ikkje så lett å skaffe midlar til å lage undervisningsmaterieil, og med knappe midlar og få nynorskbrukarar internt er det ei utfordring å klare å ha alt materieil tilgjengeleg på to språk.

Vestbø meiner vidare at organisasjonen vil få eit godt argument andsynes Norad dersom det viser seg at materiellet blir meir brukt når det kjem på nynorsk.

– Både for oss og mange andre organisasjonar er Norad den viktigaste finansieringskjelda for utvikling av informasjonsmaterieil. Dermed bør Norad vurdere korleis dei kan stimulere fleire til å utvikle materieil på nynorsk.

GIR IKKJE EKSTRA TILSKOT

Norad er på si side positiv til at undervisningsmaterieil om bistand blir tilgjengeleg på begge målformer, men meiner likevel at det ikkje er Norad sitt ansvar å sjå til at dette skjer.

– Me har ikkje gitt tilskot til omsetjing av materieil så langt eg er kjend med, seier rådgjevar i Norad, Tone Slenes.

Ho seier at det eventuelt er organisasjonane sjølve som prioriterer inkludering av nynorsk materieil når dei sender inn søknad om informasjonsstøtte frå Norad.

– For nokre organisasjonar kan det vere naturleg å prioritere nynorsk materieil framfor andre tiltak innanfor søknaden til Norad, eller dei kan velje at noko materieil blir produsert på nynorsk, medan anna blir produsert på bokmål. Det er ikkje naturleg å gi ekstratilskot til omsetjing av materieil, seier Slenes.

STAFETT


Det meste av materiellet til Hei Verden er gratis tilgjengeleg på nettsidene til organisasjonen. Her kan ein finne trinnstilpassa bakgrunnsinformasjon om land, historier om borna sin kvardag, eventyr, oppskrifter, leiker og bilete. Her er også eit nettspel for dei yngste og ein solidaritetssquiz for ungdomsskuleelevar. Kari Vestbø legg vekt på at organisasjonen no har to parallelle idear om korleis dei skal få omsett materiellet. For det første vil dei prøve å finne finansieringskjelder som kan gjere det mogleg for dei å leige inn nokon til å gjere jobben.

– Men sidan me er utolmodige, vil me også setje i gang ein stafett blant nynorske eldsjeler for å omsetje deler av materiellet. Eg har allereie nokre pensjonerte norsklærarar og mållagsfolk på lista, men me treng fleire, slår ho fast.

MOT TIL Å MEINA

60 prosent av elevane i den vidaregåande skulen ynskjer å snakke meir med politikarane og andre som bestemmer i samfunnet.*

KVA TID MØTTE PÅR TIET DITT SIST OPP PÅ EIN SKULE?



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmeland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Målet er å auka det politiske engasjement blant unge og stimulera til å få fleire unge med i folkevald arbeid og ved valurnene.

Sjå garborg.no og magasinett.no

* Kartlegging ved tre vidaregåande skular i Rogaland



**Jon Askeland
(Sp) er ordfører i
Radøy kommune.**

Kommunestyret har 25 medlemmer. Radøy kommune i Hordaland omfattar 269 øyar og holmar og har 4 935 innbyggjarar. Kommunesenteret Manger ligg på den største øya, Radøy, som har landfast samband til nabokommunen Lindås.

I Radøy kommune har det tradisjonelt vore både landbruk og fiske, i tillegg til ein del småindustri. Kommunen har òg eit rikt kultur- og idrettsliv. Radøyværing og bordtennisspelar Tommy Urhaug har 4 VM-gull, 1 VM-bronse, 6 EM-gull, 1 EM-sølv og to femteplassar frå Paralympics-leikane i Athen og Sydney.

Radøy kommune skal no saman med Lindås, Meland og Masfjorden vurdere å opprette ein ny, stor og samla kommune i Nordhordland. Meir om dette kan du lese i denne avisa.

Dei to lokalavisene Strilen og Nordhordland har Radøy som dekkingsområde.



ORDFØRAREN OM:

Folketalet:

Radøy har lenge stått i ro når det gjeld folketalsutvikling, medan naboane rundt oss voks. No har utviklinga snudd, og fødselsoverskotet aukar i Radøy.

Sosiale medium:

Kommunen fekk toppskår med 6 stjerner på Noreg.no si rangering av kommunale nettsider i 2009. Vi var best i Hordaland og kom på femteplass i landet. No er vi dessutan på både Facebook og Twitter. Vi har tilsette som arbeider med dette, så aktiviteten vår aukar.

Vil greie ut nye kommunar

Regionrådet i Nordhordland ber kommunane sjå på potensialet for samanslåing. – Dersom vi skal endre strukturane, må vi òg stille spørsmålet om vi skal lage ein heilt ny kommune, seier ordførar Jon Askeland (Sp) i Radøy.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Å starte ein samanslåingsprosess med eit kommunestyrevedtak som seier ja eller nei til kommunesamanslåing, blir å byrje i feil ende, meiner Radøy-ordføraren. Han meiner samanslåingsdebatten i kommunane manglar ein del vesentlege nyansar, og har meir tru på å kaste korta og tenkje nytt. Korleis kan ein ny, stor kommune sjå ut? Kva verdiar og ressursar skal ein leggje i potten for å skape ein slik kommune? Ved å reise slike spørsmål tvingar ein dei folkevalde til å tenkje nytt, meiner Askeland.

STIGMATISERING

– Eg er litt lei av stigmatiseringa rundt kommunesamanslåingar, der premisen ser ut til å vere at små kommunar er synonymt med for dårlege kommunar. Faktisk er det dei mellomstore kommunane som ikkje får småkommunetilskot eller distriktskommunetilskot, og som ikkje har store kraftinntekter, som kjem dårlegast ut økonomisk.

Han er likevel klar på at økonomi er ein faktor i kommunesamanslåingsdebatten og i biletet av ein ny storkommune, på same måten som stadig aukande krav til tenestetilbod er det. Samstundes stiller det auka fokuset på einskildmennesket sine rettar i samfunnet store krav til kommunane, meiner han. Kommunen må ha ein driftsstruktur som krev eit fagmiljø dei fleste små og mellomstore kommunar ikkje er i stand til å skaffe seg på eiga hand. Dette kan dei fleste kommunar søkje å ordne gjennom interkommunale samarbeid, men Askeland peiker på at slike samarbeid på sikt kan gje eit demokratisk underskot.

– Ansvar for slike samarbeid blir ofte gitt til ein rådmann i ein av kommunane, og då flyttar vi samstundes den politiske makta ut av kommunestyresalane.



STORKOMMUNE: Ordførar Jon Askeland (Sp) i Radøy meiner at å byrje ein kommunesamanslåingsdebatt med eit ja- eller nei-vedtak i kommunestyret er lite fruktbart. (Foto: Strilen.)

ØNSKER IKKJE TVANG

Sjølv om Askeland kjem frå eit parti som tradisjonelt ikkje har vore blant dei mest positive til kommunesamanslåing, er han ikkje redd for å seie at han trur ein ny storkommune vil vere ein god idé for Radøy.

– Senterpartiet er i første rekkje mot at kommunesamanslåing skal skje ved tvang. Frivillige samanslåingar er noko heilt anna.

– Går de inn i denne utgreinga av ny storkommune for å unngå å bli tekne med tvang?

– Ja, vi vil gjerne kome tvungen saman- slåing i forkjøpet.

På spørsmål om han har innbyggjarane sine i ryggen i denne saka, seier ordføraren at han stolar på at folk i alle fall er villige til å greie det ut.

– Folk i Radøy vil vere interesserte i å få svar på kva den nye kommunen vil bli. Så kan dei gjere seg opp ei mening.

At lokalpatriotismen vil gjere seg gjeldande, er han sikker på, og han har forståing for at folk ofte ønskjer å bevare ting som dei er.

– I dimensjonen mellom sjela vår og dei rasjonelle argumenta håper eg vi får

eit reflektert fleirtal som vil vere med og avgjere dette.

Og når det kjem så langt at harde tal og fakta ligg på bordet, då er ordføraren klar på at det må ei rådgjevande folkerøysting til.

INGEN GRENSER

Både i nettdebattane og blant politikarane regionalt og nasjonalt er det mange meiningar om kor mange kommunar det bør vere i Nordhordland, og kor kommunegrensene skal gå. Gjermund Hagesæther (Frp) har føreslått å redusere talet på kommunar i fylket frå 33 til 8. I dag har Radøy kommune 4 825 innbyggjarar, og kommunen har ei positiv folketalsutvikling. Fleire av dei kringliggjande kommunane, som Meland, Øygarden og Austrheim, har færre enn 6 600 innbyggjarar, og nabokommunen Fedje i vest har 595. Sjølv vil ikkje Askeland spå om tal eller teikne grenser på kartet enno. Ein stor kommune er ikkje noko mål i seg sjølv, meiner han. Eit avgjerande poeng for ein ny kommune vil vere at den har ein geografi som sikrar nærleiken til demokratiet.

Følgjer med på debatten

Kommunesamanslåing er eit tema som opptek folk i Radøy kommune.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Eg snakkar med mange som meiner tida no er moden for ei kommunesamanslåing, seier redaktør i avisa Strilen, Hans Egil Storheim.

Utan at han kan eller vil føreseie kva innbyggjarane i kommunen vil meine viss ein skulle kome til ei folkerøysting, så ser han at stemninga når det gjeld kommunesamanslåing, er annleis no enn for 20 år sidan.

– Folk i Radøy er opptekne av å ha gode tenestetilbod innan barnehage og skule og har i tillegg høge forventningar til primær-tenestetilbodet, seier redaktøren. Temaet kommunesamanslåing har vore gjenstand for debatt i avisa og seinast denne veka i regionrådet for Nordhordland. Regionrådet

har spurt dei sju kommunane dei dekkjer, om dei er villige til å greie ut ein ny kommunestruktur.

Kva konsekvensar ei eventuell endring i denne strukturen vil få for ei lokalavis som Strilen, som i dag dekkjer sju kommunar, er vanskeleg å spå, meiner redaktøren.

– Det er ganske omfattande å dekkje det som skjer i sju kommunar, slik vi gjer i dag. Det blir kanskje litt enklare å følgje politikken i éin kommune.

SAGT OM RADØY:

Stortingspolitikar Gjermund Hagesæther (Frp) har teikna opp kartet for det han meiner bør bli ein storkommune i Nordhordland i framtida. Her har han med Meland, Radøy, Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden og Modalen. Med det vil han redusere talet på kommunar i Hordaland frå 33 til åtte.
– Ein robust og solid kommune, seier han til nordhordland.no

Mastemotstand i Radøy

Skepsisen til ei påtenkt kraftlineutbygging i Nordhordland er stor. – Aksjonane og oppstanden rundt utbygginga i Hardanger har nok tent saka vår også, seier talsmann for Folkeaksjon mot luftspenn i Nordhordland (FMLN), Olav S. Namtvedt.

Namtvedt har vore politikar og ordførar i Radøy kommune. No har han retta engasjementet sitt mot den omsøkte utbygginga av kraftliner som skal gå frå Kollsnes til Mongstad og krysse fire kommunar undervegs. Det er BKK som står som søkjar, og planane omfattar tre ulike alternativ som alle omfattar både luft- og sjøkabling. Politikarane i kommunane det gjeld, Radøy, Austrheim, Lindås og Øygarden, har kravd at alle linene skal leggast i jord- eller sjøkablar, men BKK seier i søknadene sine at dette ikkje vil vere samfunnsøkonomisk lønsamt. Av det FMLN har oversikt over no, er kostnaden i BKK sitt forslag på om lag 700 millionar kroner, medan ei løysing med berre jord- og sjøkablar vil koste meir enn ein milliard.

IKKJE FINT

– Det er same argumentasjon som i Hardanger, seier Namtvedt. – Men skilnaden er sjølvstendig at hjå oss skal to tredelar av lina gå i sjøkabel i utgangspunktet, og då meiner vi det ikkje blir særleg mykje dyrare å leggje alt i jord eller sjø.

Innbyggjarar og turistar i øysamfunnet Radøy vil først og fremst merke dei nye kraftlinene visuelt. Master og liner vil gå over område nord på øya som folk bruker til friluftsliv. Svært få vil bli direkte forstyrra der dei bur, seier Namtvedt.

– Men det vil ikkje ta seg pent ut. Vi kan sjå til nabokommunen vår, Øygarden. Der fekk dei ved førre utbygging av kraftline til Kollsnes gjennomslag for jordkabel, og det gir ei heilt anna oppleving.

Radøy har dessutan eit rikt fugleliv, med raudlisteartar som hubro og hønsesauk, og Namtvedt fryktar mastene kan få stor verknad for desse.

EIT NYTT HARDANGER

Namtvedt seier dei er glade for å ha dei fire kommunane i ryggen når dei prøver å påverke BKK til å sjå på andre alternativ enn luftliner. Så langt har aksjonsgruppa brukt meir ord og argumentasjon enn direkte aksjon i sine forsøk på å påverke. Det har vore ei underskriftskampanje og nokre folkekemøte, men elles meiner motstandsgruppa at argument er det sterkaste våpenet no. Men kva som skjer viss søknaden til BKK går gjennom hjå NVE, er ei anna sak.

– I første rekkje reknar vi med at kommunane kjem til å klage viss utbygging får gjennomslag for luftliner. Ein klage som skal handsamast i departementet, vil truleg utsetje tiltaket eitt år. Det kan godt hende det vil bli aksjonar då, seier Namtvedt.

Om resten av landet vil engasjere seg like sterkt i denne saka som dei gjorde og gjer i kraftsaka i Hardanger, står att å sjå.

– Hardanger er eit landskap av nasjonal interesse. Men det er på mange måtar saka vår også. Denne utbygginga er komen til fordi oljeindustrien treng kraft, og oljeindustrien vedkjem i høgste grad heile landet, seier den tidlegare ordføraren.

KRAFTLINE

BKK har søkt om konsesjon til å byggje ei 35 km lang kraftline mellom Kollsnes og Mongstad.

Hovudalternativet omfattar 12 km på land



STREKKJE LINER: Kommunesenteret Manger (midt i bildet) vil ikkje merke noko til dei nye høgspennmastene, men på nordsida av øya vil dei krysse fleire område der folk ferdast. (Foto: Bente Bing Kleiva)

og 23 km i sjø, medan dei aktuelle kommunane krev alt i jord og sjø.

Kraftlina vil få ei straumspenning på 420 kV, den høgste spenninga ein har i Noreg. Søknaden er til handsaming hjå NVE.

Utviklar kortspel

Pilotprosjektet Nye tider – ny norsk har utvikla kortspelet Kamp som snart er klart til bruk.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Prosjektleder Bente Dammen ved Osterøy bibliotek fortel at spelet snart skal prøvast ut saman med Høgskulen i Bergen, og at ein så reknar med at det kan takast i bruk av skular og bibliotek neste år.

Spelet er eit 4-kortspel og har bilete og informasjon frå ulike nynorske

barnebøker. Det har fleire nivå, og når ein kjem opp i kamp med ein annan, er det om å gjere å kjenne til namn på folk i den aktuelle boka, forklarar Dammen. Bøkene som blir omtala på korta, er ei blanding av ny litteratur, kjende bøker som kjem i parallellutgåver, og klassikarar.

– Her finn du alt frå *Drakeguten* av Asbjørn Rydland til *Gummi-Tarzan* og bøker av Roald Dahl, seier bibliotekaren. Målet med spelet er at det skal gi barna gode assosiasjonar til bøker og stimulere dei til å lese bøkene på korta. Spelet er utvikla for barn mellom 10 og 12 år.

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemdar kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneske har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



FAGFORBUNDET



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

Brenn for biblioteket

–Vi må stille ut bøkene slik butikkane stiller ut snop, seier biblioteksjef Anne Elisabeth Waage i Radøy folkebibliotek. – Færre bokryggar, fleire frontar fram. Og meir nynorsk til lesarane.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Waage er sjef for eit bibliotek med avgrensa midlar og få tilsette. Ho skildrar ein kvardag med romslege opningstider og stort engasjement, trass i behovet for å vere fleire tilsette.

Og gjennom Nordhordland-samarbeidet mellom 8 kommunar greier biblioteket å få mykje ut av lite. Biblioteksjefen ramsar opp ulike tiltak biblioteka samarbeider om: formidling til barn, deltaking på kulturfestival, kulturkafé med forfattarbesøk, konsert med ord og tonar og ikkje minst pilotprosjektet Nye tider – ny norsk.

SKRIV ENKELT

Prosjektet kom til for å stimulere biblioteka til å fremje den nynorske litteraturen,

RADØY FOLKEBIBLIOTEK

- 1,7 årsverk
- Kombinasjonsbibliotek med Radøy ungdomsskule
- Samarbeider med Austrheim, Lindås, Meland, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy om pilotprosjektet Nye tider – ny norsk

og Waage seier dei legg vinn på å kjøpe inn fleire eksemplar av nynorskbøker viss økonomien tillet det.

– Det er viktig, seier Waage. – Der er så mange gode nynorskforfattarar no, og språket deira er så enkelt å lese. Ta ein forfattar som Ingelin Røssland, til dømes. Ho skriv for ungdom, og bøkene hennar er så kjekke å lese.

Men det handlar òg om å bevisstgjere og motivere dei tilsette. Derfor samlast dei tilsette frå alle åtte biblioteka éin gong i halvåret og har det sosialt og presenterer bøker for kvarandre.



FOR ALLE: Dei minste får ei hyggjestund i biblioteket saman med klovnanne Tipp og Topp. (Foto: Radøy bibliotek)

ROKKAR VED TRADISJONANE

Waage er ikkje i tvil om at det er avgjerande å ha ei medviten satsing på nynorsk litteratur i ei tid då språket er under press frå byane.

–Vi har lange, gode språktradisjonar her, og nynorsk er ein del av identiteten vår. Men nabokommunane Meland og Lindås, som grensar til Bergen, merker meir og meir

press på nynorsken. Det har vi til tider gjort her i kommunen også, sjølv om vi framleis berre har nynorskklassar i skulane.

Men om det finst mykje bra litteratur å by lesarane på, så er det ein ting Waage saknar.

– Eg skule ønskje forlaga kunne hatt meir fokus på faglitteratur for barn. Det finst faktisk mykje kjekke faglitteratur for barn no, men nesten ingenting er på nynorsk. Dette blir nok eit område biblioteka i Nordhordland må jobbe med.

BØKER RETT HEIM

Det er ikkje berre det interkommunale samarbeidet som ber frukter i Radøy. Også Leseåret 2010 set spor etter seg, og biblioteket på Radøy har brukt året til å motivere seg til ekstra innsats. No har dei etablert eit samarbeid med Radøy arbeidssenter, der all yrkesretta arbeidsverksemd er samla. Der har dei no fått ein lesestol og eit sanseområde, og biblioteket leverer bøker og andre medium fast til senteret. På same vis er dei inne i eit tilsvarande opplegg med velferdssenteret i kommunen, der dei tilbyr litteratur, lydbøker og musikk til gamle som er i ferd med å bli demente og senile.

– Vi har òg ei teneste som heiter «Heim til deg». Her kan folk som av ulike årsaker ikkje kan kome i biblioteket, eller deira pårørande, tinge bøker og filmar av oss. Så leverer vi dei på døra.

Med oppfølging av faste brukarar av biblioteket i tillegg til arrangement og tenester dei leverer, er det nok å gjere for dei tilsette. Kva meir kan folk i Radøy ønskje seg?

– E-bøker, seier Anne Elisabeth Waage.
– No håper eg at vi får e-bøker snart.



Nynorsk ordliste

Din nye favoritt!

<http://nynorskordliste.samlaget.no>

Nynorsk ordliste i elektronisk utgåve Gratis bruk ut 2010!

For meir informasjon:
Det Norske Samlaget
Ordbokseksjonen
Postboks 4672 Sofienberg
0506 OSLO
e-post: d.ellingsen@samlaget.no

Samlaget

PIRION-KURS

Kurshaldarar med brei erfaring frå folkemusikk, forteljekunst, drama og kulturliv generelt. For meir informasjon www.pirion.no eller ta kontakt med Astrid E. Hjelmeland på 52 79 04 84 eller pirion@norsk-plan.no

Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

Ole Brum, Ola Tveiten eller Barbie, kor hentar barna opplevingar frå?



**KULTURFORMIDLING FOR TILSETTE I BARNEHAGE OG SMÅSKULE
OG ELLES ANDRE SOM ARBEIDER MED SMÅ BARN**



KBN Kommunalbanken
Norge

- me er til for alle


I meir enn 80 år har me hjelpt kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering, slik at kommunen kan realisera sine mål.

MOT TIL Å MEINA

85 prosent av unge under 26 år meiner skulen må få ei sterkare rolle i å førebu unge veljarar til å vera med i folkevald arbeid.*

KVA GJER KOMMUNEN I DIN?



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmenland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Målet er å auka det politiske engasjement blant unge og stimulera til å få fleire unge med i folkevald arbeid og ved valurnene.

Sjå garborg.no og magasinett.no

* Nasjonal kartlegging av unge under 26 år

Lyftar barne- litteraturen

Både Maria Parr, Runar Gudnasson og Hans Sande kjem til den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu på Stord.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
JUDITH@NORSK-PLAN.NO

– Festivalen går av stabelen andre veka i november. Men kvifor ein festival om nynorsk barnelitteratur?

– Kulturkontoret i Stord kommune kom på ideen om å lage ein festival for å lyfte fram den nynorske barneboka. Dei såg at me har mange dyktige barnebokforfattarar frå Sunnhordland, og også frå andre stader i landet, men mange av dei er ikkje så mykje lesne, sjølv om bøkene jamt over held god kvalitet og nynorske barnebøker mottek mange prisar og rosande omtale, seier Hege Myklebust, som er prosjektleiar for festivalen.

Tanken bak arrangementet var difor å lage ein festival for å lyfte fram den gode barnelitteraturen og gje han eit publikum. Dei fann det naturleg å leggje festivalen til Stord på grunn av barnebokforfattarane som kjem frå denne delen av Sunnhordland.

POESI OG PROVOKASJON

Programmet har ingen raud tråd, anna enn at det handlar om nynorsk barnelitteratur, men eit eige fagleg seminar på fredagen set fokus på poesi for dei yngste og har fått tittelen Poesi og provokasjon.

– I år har poesien kanskje ein spesiell plass i resten av programmet og. Ungdomsskuleelevar skal få gå på rappekurs med Runar Gudnasson, alias Torstein Hyl frå Side Brok. I tillegg skal både kulturskuleelevar og musikkstudentar komponere eigne låtar til dikt. Elles er litterære illustrasjonar eit tema for både skuleelevar og studentar på høgskulen, og forfattarar skal ut på besøk for å møte born, både i skuletida og på ettermiddagen. I tillegg skal alle barnehagane få ei bokgåve med nynorske bøker frå Stord mållag og Stord kommune.



ATTRAKSJON: Hans Sande har 40 års erfaring som forfattar, no blir han festivaldiktar under Falturiltu. (Foto: Gyldendal).

MULTIKUNSTNAREN

Hege Myklebust er glad for at dei fram-møtte kan få møte Maria Parr under festivalen, sjølve «popstjerna» innan nynorsk barnelitteratur, som Myklebust kallar henne.

– I tillegg håpar me jo at mange kjem for å høyre Hans Sande, festivaldiktar. For dei vaksne har me ein eigen festkveld fredagen; Raltura. Dit kjem fleire stjerner, som Ragnar Hovland og Selma Lønning Aarø. Dette vert ein flott musikalsk-litterær kveld under leiing av vår eigen Atle Hansen, som er både forfattar og muskar, fortel ho.

– Kvifor Hans Sande som festivaldiktar?

– Hans Sande har 40 års erfaring som forfattar og skriv i utruleg mange sjangrar for publikum i alle aldrar. I tillegg er han multikunstnar og driv med både skulpturar, biletkunst, song og musikk i tillegg til skrivinga. Likevel oppdagar me at mange ikkje har høyrte om han. Me håpar han vil få eit større publikum etter dette.

Ny språkhandbok

Nynorsk Pressekontor lanserer no språkhandboka NPK-språket i samarbeid med Kunnskapsforlaget og NTB. Boka er delt inn i to delar: ei ordliste med over 30 000 oppslagsord og ein regedel med gode råd om rettskriving og språkbruk. Ordlista femnar om basistilfanget av ord i nynorsk – og litt til. Norma har færre valfrøe former enn den offisielle rettskrivinga, men dekkjer dei formene som er mest vanlege i bruk.

I regdelen blir det gitt tips om mellom anna teiknsetjing, bruk av tal og talord, store og små forbokstavar, nynorsk rettspråk og transkribering. Boka forklarar også dei viktigaste forskjellane mellom nynorsk og bokmål og trekkjer fram typiske feil og vanlege misforståingar. Boka vart lansert under Dei nynorske mediedagane på Litteraturhuset i Oslo.

Opna det minste litteraturhuset i verda

Nyleg opna det som truleg er det minste litteraturhuset i verda. Huset heiter Kalvatræet og ligg i Røldal i Odda kommune.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Kalvatræet er eit gammalt trehus med historiske røter, som no er blitt gjort om til ein møteplass for små, litterære arrangement.

– I Bokbua kan du kome med brukte bøker, bøker du gjerne er glad i, men som du no kan tenkje deg å selje vidare til nye lesarar, forklarar bibliotekar Else Marie Sandal. Sandal jobbar ved kommunebiblioteket i Odda kommune, og biblioteket står Bokbua med nokre timar arbeidskraft no og då.

– Gjenbruksperspektivet er viktig i Bokbua, seier ho og fortel at huset skal vere ein arena for forteljingar, bokprat og lesestunder. Sjølv om huset ikkje har faste, daglege opningstider, så vil dei prøve å halde ope i samband med andre lokale arrangement, til dømes når det skal arrangerast fjellhelg i Røldal om nokre veker.

– Då kan vi i Bokbua ha fokus på fjell-litteratur, gode jakt-historier og liknande.

Sjølve huset, Kalvatræet, er eigd av Røldal bygdemuseum. Odda kommune går elles med planar om eit litteraturhus til.



BOKBUA: Initiativtakarane Susanne Urban, Gunvor Øvregård, Else Marie Sandal og Marit Sandal er nøgde med sitt vesle litteraturhus. (Foto: Gunbild Øvregård.)

I samband med litteratursymposiet i Odda er det kome opp tankar om å gjere Lindehuset og det gamle sentralbadet på smelteverket i Odda om til litteraturhus. Då snakkar ein om litteraturhus av ein annan dimensjon enn Bokbua i Røldal, sjølvst.

- Bokbua i Kalvatræet er eit bittelite hus, ler Sandal.
- Det skal lite til før det blir fullt hjå oss.

Nynorsk redaktørpris til Signy Fardal

Sjefredaktør Signy Fardal i motemagasinet Elle og Elle Interiør er tildelt Nynorsk redaktørpris for 2010.

Prisen blei delt ut under Dei nynorske mediedagane i Oslo.

– Sjefredaktør Signy Fardal bidreg til å gjera nynorsk til eit mediaspråk også på mote- og interiørområdet. Ho har òg markert seg i offentlege ordskifte om å sleppa nynorsken til i media som heilt lukkar nynorske ute på redaksjonell plass, heiter det i grunngevinga.

Juryen peikar på at nynorsk knapt er å sjå i vekepressa, og at det har vore arbeid for å bøta på dette. Under ein konferanse i 2007 fekk Signy Fardal ei utfordring i fanget. Ho fekk då eit direkte spørsmål om å ha artiklar på nynorsk i bladet sitt.

– Fardal tok utfordringa på strak arm, og utpå våren kom dei første artiklane på nynorsk. Etter tre og eit halvt år ser vi at det ikkje vart med eit eingongstilfelle, men at både motemagasinet Elle og Elle interiør jamt har artiklar på nynorsk, skriv juryen.



Sjefredaktør Signy Fardal (t.h.) i Elle og Elle interiør var glad for å få Nynorsk redaktørpris og lova at det framover kjem til å bli meir nynorsk i spaltene. Berit Rekve frå Mediemållaget overrekte prisen. (Foto: Margunn Sundffjord/NPK.)

– Ein slik pris forpliktar, sa prisvinnaren då ho blei heidra med Nynorsk redaktørpris og lova at det framover kjem til å bli meir nynorsk i spaltene i Elle.

Signy Fardal kjem frå Sogndal og har ein mangslungen pressebakgrunn

Den første redaktørøppgåva var i Ungsosialisten. Deretter har vegen gått via Universitas, RadioOrakel, Klassekampen, Arbeiderbladet, Ny Tid, Dagbladet og Dagens Næringsliv, før ho i 1998 blei sjefredaktør for Elle. (NPK)



Jan Olav Fretland

– førsteamanuensis i norsk, medlem av Språkrådet

SPRÅKRÅD

Palestina og Noreg og språk

Eg skriv språkspalte på veg heim frå feiringa av titusenårsjubileet til Jeriko, med hovudet fullt av sterke inntrykk: blide og vennlege menneske, ein uverdig apartheid-mur, ei anna verd. Kontrastane er enorme og gjev grunnlag for refleksjon, også om språk. Her er det arabisk og hebraisk og engelsk om einannan, nesten alltid minst to språk på skilt og hus, eit herleg, og farleg, samansurium. Språk er med og avgjer om du er på den "gode" eller den "vonde" sida. Interne stridar om språk i Noreg, mellom mette og likestilte borgarar, kan synast uviktige.

Ein annan tanke som har slått meg eit par gonger når eg står i ein arabisk bydel, er kor fullstendig framandgjord eg er der og då, både språkleg og kulturelt. Slik, berre verre, er det truleg når ein somaliar eller ein pakistanar for første gong set foten på norsk jord og frosen og redd ser merkelege teikn som ikkje er til å forstå: eit takras av krullar og strekar og prikkar, utan meaning og vit. Ein tenkjer ikkje over dette til vanleg, men i ein bydel i Ramallah eller i gamle Jerusalem sig det på ei ny forståing av å vera framand i eit nytt land.

Språk er altså uendeleg mykje meir enn bokstavar. Språket gjev tilhøyrslø i ein kultur, ein nasjon, og skaper fiendskap til andre kulturar. Sjå berre på korleis dei prøver å endra normeringa i somme av dei nye statane på Balkan, slik at same skriftspråket blir så pass ulikt at dei kan skilja ut venn og fiende med nokre bokstavar.

Så hevdar somme at språksituasjonen i Noreg er uvanleg og merkeleg. Dei kan ikkje noko om språk. I Noreg har me to språk, framavla av ulike kulturar og med ulike nasjonale, sosiale og kulturelle kjenneteikn. Dette er eit gode, ein skatt i landet vårt, som gjer at framstående språkforskarar framhevar oss som eit føredøme for andre. Og det er nynorsken som er det spesielle, skriftspråket som skulle gje nordmenn deira eige, demokratiske uttrykk, bygt på tale-målet til folk flest. Det kan me trygt skryta av, me nynorskingar.

ABC
Startsida

Vel www.startsida.no som
di nye startside. Meir info her:
www.startsida.no/egen

aktuelt: Guro Ljone



Bur: Ulvik i Hardanger
Aktuell: Er prosjektleiar i forprosjektet til Hauge-senteret
Språk: Nynorsk
Alder: 27

Nynorsk kultursentrum har fått ein million kroner over statsbudsjettet til å byggje opp Hauge-senteret i Ulvik. Noko Guro Ljone er glad for.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Kva er bakgrunnen for Hauge-senteret i Ulvik?

Olav H. Hauge-stiftinga har lenge arbeidd med eit forprosjekt som skal leggje grunnlaget for senteret. Forprosjektet, der eg har vore prosjektleiar, vart avslutta i juli i år.

Og så overtok Nynorsk kultursentrum i Ørsta?

Ja, i august i år inngjekk stiftinga ein samanslåingsavtale med Nynorsk kultursentrum som vil gjere Hauge-senteret til ei avdeling på lik line med Ivar Aasen-tunet. Dagleg leiar

Lyrisk arena

ved Hauge-senteret vil ha den daglege styringa med Hauge-senteret, med direktøren i Nynorsk kultursentrum som sin næraste overordna. I forprosjektet er det planlagt fire stillingar ved Hauge-senteret, og det blir spanande å sjå kor mange me kjem i land med.

Kva blir rolla til Olav H. Hauge-stiftinga no?

Stiftinga vil framleis ha ein viktig funksjon ved å vere med på å sikre lokal forankring og eigarskap til senteret, og ho vil vere representert i fagrådet for Hauge-senteret.

De fekk ein million kroner over statsbudsjettet til å byggje opp Hauge-senteret. Korleis var det?

Det var svært gledeleg. No har me fått aksept for prosjektet heilt til topps i det politiske systemet. Det ser me på som eit viktig signal.

Kva senter skal dette bli?

Hauge-senteret skal vere ein stad for fordjuping i og formidling av Olav H. Hauge sin forfatterskap. Vidare skal senteret lyfte fram lyrikk som litterær sjanger, ut frå eit internasjonalt perspektiv. Senteret skal vere ein arena for nyskaping innan lyrikk, kunst og kultur. På senteret vil det vere utstillingar, bibliotek, film og dokumentasjon i mange format. Målet er at publikum skal vere deltakarar og ikkje berre tilskodarar. Det skal også leggjast til rette for at forskarar, forfatarar og omsetjarar kan ha arbeidsopphald på senteret, og det er planar om ein eigen gjestebustad.

Kvifor treng me eit slikt senter?

Sjangeren lyrikk kjem diverre ofte i skuggen av annan litteratur. Noreg treng ein arena som gjer lyrikk og poesi viktig, og me meiner at Olav H. Hauge er det beste utgangspunktet for å gjere det. Han er ein av våre mest respekterte diktarar, samstundes som han er ein av våre mest folkekjære diktarar.

Og no ventar de på midlar frå Hordaland fylkeskommune og Ulvik herad?

Ja, og me er optimistiske, statlege midlar bør løysast ut av lokale midlar. Ulvik herad har allereie medverka med ei investering på sju millionar kroner til ombygging av heradshuset, der Hauge-senteret skal etablerast, og me får fri husleige. Men det trengst meir til drift også.

Det er planar om litteraturhus i mange byar, t.d. Bergen. Snart står Garborgsenteret klart på Bryne. Kan det bli for mange av desse sentra?

Det er eit tankekors at «alle» skal ha litteraturhus. Samstundes opplever eg at det er ei stor interesse for litteratur i samtida vår. Jo meir stimulert ein vert, jo større vert nok interessa. Difor trur eg ikkje det er ein fare for at det vert for mange slike senter. Eit besøk på Garborgsenteret vil vonleg gi publikum lyst til å utforske fleire diktarar, som til dømes Olav H. Hauge.

Korleis bør litteraturorganisasjonane på Vestlandet samarbeide?

Dei bør ikkje vere redde for å gå kvarandre i næringa, men samarbeide breitt, slik som det til dømes er lagt opp til i prosjektet Diktarvegen. Dessutan er avstandane store på Vestlandet, og kjernepublikummet er det lokale, så ein må dyrke sitt eige særpreg.

Korleis kan senteret vere med på å skape ny interesse for nynorsk litteratur?

Nynorsken står sterkt i lyrikksjangeren. Der nynorsken elles kan vere under press, tykkjer mange at nynorsk kling fint som diktspråk. Hauge-senteret skal arbeide med lyrikk både på bokmål og nynorsk, men arbeidsspråket ved Hauge-senteret vil vere nynorsk. All den tid nynorsk og bokmål ikkje er jamstilte i praksis, vil Hauge-senteret arbeide for at nynorsk vert brukt på fleire arenaer.



Berit Rødstøl
(f. 1979) er frå Verma i Romsdal og bur no i Oslo. *Himmelreisande* er hennar debutbok.

debutanten

«Hetten i raketten får Kudryavka til å lengte etter vatn. Slangen som var festa til munnen hennar, har lausna og svever i lufta. Men det spelar ikkje lenger noka rolle. Behaldaren er heilt tom no. Urinen hennar har fordampa og ligg som dogg på ruta. Kudryavka har tunga stukken ut av munnen. Nokre hår har klistra seg til den. Ho prøver å sleikje dei i seg. Varmen gjer henne svimmel. Føtene greier ikkje å halde henne oppe.»

Samlaget 2010

ABC
Startsida®
- Ver nynorsk på nett

**Din naturlege
start på
internett**

www.startsida.no

Nynorsk språk- og dokumentlære

Todayars kurs for statleg og kommunal forvaltning

ALTERNATIV 1:

Diagnose – kursdag – mellomliggjande arbeid – kursdag

Kurshaldaren lagar ein diagnose som resten av kurset blir lagt opp etter. Det mellomliggjande arbeidet gjev skrivetrening og høve til å arbeida ekstra med språket i organisasjonen.

ALTERNATIV 2:

Enkel diagnose – to kursdagar

Ein enklare variant for dei som treng oppfrisking og som har gode rutinar for språk.

HSF Oppdrag svarer gjerne på spørsmål og tek i mot tingingar på kurs: hsfoppdrag@hsf.no eller telefon **57 67 60 00**

Kursa kan bestillast av ein oppdragsgjevar og haldast på arbeidsplassen
Kursa er utvikla i samarbeid mellom Landssamanslutninga av nynorsk kommunar og Høgskulen i Sogn og Fjordane.



**HØGSKULEN I
SOGN OG FJORDANE**